

I kommunar der alt er skilta og alt frå industriområde til lokale attraksjonar har eigne skilt, så finst det ofte ikkje eigne skilt som viser vegen til biblioteket.

les Svein Arne Tinnesand på kommentarplass s. 2

NR 3 • 2011 • ÅRGANG 10 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

Utfordringar

Nynorsk kan henge godt med i den teknologiske utviklinga, meiner språkfolk.

Side 8-10

Står på

Sogndal har meir å by på enn saft og fotball. Men merkevarane står sterkt.

Side 18-21

Sterkt ønske

No kan det bli nynorsk teaterscene i Bergen.

Side 22

Kultur + veg = sant



Foto: Ullsensvang Herad

Diktarvegen og I/S Fjordvegen blir éin.

• Sjå s. 6

Direktøren



Foto: Agnete Brun

Anne Aasheim søkte jobb éin dag og fekk han neste dag.

• Sjå s. 12 og 13



Foto: Brit Aksnes

Friske folk i Fusa

Arbeidsgjevarar har ikkje tru på at trening i arbeidstida gir noko resultat, viser undersøkingar. I Fusa bryr dei seg

lite om slike fordommar. Les om kommunen som snakkar statistikkane midt i mot. • Side 17



BEST WESTERN HOTELL
BONDEHEIMEN

Sidan 1913



Rosenkrantz' gate 8
N- 0159 Oslo
+ 47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com

- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden
- Med LNK kortet får du alltid beste pris hos oss

Vakne!

Folkerøystingar her til lands har tradisjonelt dreidd seg om territoriale spørsmål, alkohol og målform, med sistnemnde som det heitaste temaet. Mellom 1970 og 2010 handla 44 prosent av folkerøystingane her i landet om skulemålform.

I 2010 var det ni slike folkerøystingar, og fem av dei gjekk i favør av bokmål eller valfritt bokmål, ifølgje SSB. 8000 personar kunne stemme ved desse vala, men berre 3152 av desse møtte faktisk opp og stemde. Det er ei gjennomsnittleg valdeltaking på 39,4 prosent, og dårlegast oppslutning var det i Tinn i Telemark, der 22 prosent stemde ved valet.

Det kan vere mange grunnar til at målform i skulen engasjerer så få i ein skulekrins. Målsak kan rett nok vere ei svært heit potet til tider, men samstundes verkar ikkje sinnet og irritasjonen som ofte blir sidemålet til del, til å vere så sterk og tydelig i små kommunar der dei to målformene har levd side om side i mange år. Somme av folkerøystingane kjem dessutan til etter politisk initiativ, andre er drivne fram av foreldre som ønskjer ei endring for skulen der barna deira går. Nokre kommunar har slike folkerøystingar i samband med kommuneval eller stortingsval, når folk likevel er i valmodus. Andre tek det for seg når det måtte passe. Uansett kva det no kjem av, så ser det ut til å vere eit mishøve mellom talet på folkerøystingar om bokmål/nynorsk og engasjementet i kvar einskild sak.

Til hausten skal det haldast folkerøysting over skulemål i Halså kommune, slik du kan lese om i LNK-avisa denne gongen. Tilsette i skulane i Halså skildrar manglande engasjement i bygda. Mållaget på si side vedgår at dette er ei sak som først og fremst engasjerer besteforeldregenerasjonen, ikkje dei som skal ta eit val på vegner av eigne barn.

Ein kan ikkje oppsummera annleis enn at nynorsken i Halså kommune står svakt berre månader før skulemålvalet i september. I all kommunikasjon og debatt handlar det om kven som argumenterer best for si sak, og kven som greier å trykkje på dei rette knappane hjå tilhøyrarane. Det står no att å sjå om mållaget i Nordmøre klarar å mønstre til kamp, og om dei stadig fleire innflyttarane med bokmålsbakgrunn let seg overtide om at nynorsk er best for barna. Uansett kor mange som strøymer til valurnene, så er det til slutt opp til kommunestyra å avgjera målforma. Slik tendensen er i dag, bør det nok strøyme ganske bra til skal dei late seg påverke til å gå inn for nynorsk.

Det usynlege biblioteket



Svein Arne Tinnesand
er leiar i Norsk
Bibliotekforening

KRONIKK

Folkebiblioteka i Noreg har over 22 millionar besøkande, som kvart år låner over 25 millionar filmar, bøker, plater og anna materiale. Biblioteka tronar òg øvst på alle målingar av offentlege tenester når det gjeld kor nøgde folk er med dei kommunale tenestene. For nokre år sidan vart det slått fast at folkebiblioteket er verdt fire gonger meir enn det kostar. For kvar skattekrone til bibliotek får ein det firedobbelte igjen. Førsteamanuensis Svanhild Aabø ved Høgskulen i Oslo viste i doktorgradsavhandlinga si at biblioteket har verdi både for brukarane og for dei som ikkje sjølv brukar det. Fleirtalet av dei ho spurde, viste både til eigeninteresse og samfunnsinteresse som motiv for å verdsetje biblioteket; folkebiblioteket blir sett på som eit fellesgode og ein institusjon for alle i kommunen. Folk meiner at biblioteket er viktig for dei sjølv og familien, men verdset òg at andre personar brukar det, at det spreier kultur og kunnskap, tek vare på litteraturarven, og fremjar demokrati og likskap. Korkje alder eller kjønn spelar noka rolle for synet på biblioteket.

Biblioteka er på bakgrunn av den faktiske nytta, populariteten og oppfatninga til folk ei veldig billeg teneste og utgjer rundt ein prosent av dei kommunale utgiftene. Dette talet har halde seg nokså konstant gjennom ei rekkje år. I følgje Kulturrådet si undersøking "Kommunal kultursektor i endring", som kom ut i 2010, har det vore ein sterk vekst i satsinga til kommunane på kultur dei siste åra. Kommunane satsar på kultur som eit ledd i det vi kan kalle den kommunale merkevarebygginga. Kultur er altså eit middel til å synleggjere kommunen, eller setje han på kartet, som einskilde uttrykker det. Gjennomslag for denne instrumentelle nytta av kulturmidlane har nok òg medverka til auke i budsjetta dei siste åra.

Det er likevel ikkje alle delar av kulturen som har fått like stor auke dei siste åra. I den grad vi kan snakke om taparar på dei interne kommunale prioriteringslistene, er det folkebiblioteka. Delen deira av det kommunale kulturbudsjettet er redusert frå 20 til 16 prosent frå 2001 til 2008. Vinnaren er sekkeposten "andre kulturformål". Alt anna – med unntak

av bibliotekdrifta – held seg stabilt. Støtte til – og arrangement av – festivalar og andre større kulturarrangement er ofte "andre kulturformål". Satsinga på festivalar, større kulturarrangement o.l. har altså gått på kostnad av biblioteka.

Når kommunane ynskjer å bli meir synlege, ser det ut til at dei heller vel å feste bort dei auka budsjettmidla enn å bruke dei på ei permanent styrking av det mest brukte og populære kulturtillbodet. Dette paradokset kan skuldast at biblioteka ofte berre er noko som er der og blir brukt, utan at dei inngår i strategiane til kommunen på andre område. Biblioteka blir rett og slett den "usynlege" verksemda, ikkje fordi dei er dårlege, men fordi dei er gode. Dette kan sjølvstakt ikkje rettast opp med å gjere biblioteka dårlegare, men ved å gjere dei synlege.

Det finst inga forskning som tyder på at festivalsatsing som omdømmebygging fører til auka tilflytting / minka avfolking eller nyetablering i lokalt næringsliv. Fest gjev kortvarig lukke, og dei fleste dagane er kvardagar. Knut Vareide ved Telemarksforskning seier at ein av dei få tinga som kulturforskarane faktisk har klart å slå fast, er at når det gjeld tilflytting og attraktivitet, så er det lågterskeltilbod som ser ut å fungere. Når forskinga ikkje klarar å påvise nokon samanheng mellom omdømme og attraktivitet, blir diskusjonen om kva kulturmidla skal brukast på, endå viktigare. Det er altså ikkje markeringane og festivalane som gjer ein stad attraktiv. Det er det tilbod om utdanning, møtestader og arbeidsplassar for folk som har utdanning, som gjer. Ein kommune kan verken byggje universitet eller kaffibarar, dei kan likevel rette innsatsen mot biblioteket sitt og på den måten oppnå ein kinderegg-effekt.

Første omgang handlar det likevel om å gjere folkebiblioteka synlege i det daglege. Mange bibliotek ser ut til å mangle dei mest elementære elementa for å bli synlege, til dømes skilting utandørs og presentasjon på dei kommunale nettsidene. I kommunar der alt er skilta og alt frå industriområde til lokale attraksjonar har eigne skilt, så finst det ofte ikkje eigne skilt som viser vegen til biblioteket. På einskilde kommunale nettsider må ein klikke seg forbi både «tenester» og «kultur og fritid» for å finne biblioteket. Kommunane kan ikkje vere tente med at den mest brukte og populære kommunale tenesta blir gjord usynleg. Synlege bibliotek både fysisk og på nett vil understreke kva rolle biblioteket faktisk spelar i lokalsamfunnet.

Folkebiblioteka blir brukte dagleg til små og store kulturopplevingar. Skuleelevar, studentar og pensjonistar er på biblioteket for å studere og finne kunnskap. Norske folkebibliotek blir brukte kvar dag av lokale næringsdrivande for at dei skal kunne halde seg oppdaterte. Kvar einaste dag genererer folkebiblioteka i Noreg verdiar for 14 millionar kroner i form av kompetanse, kunnskap og kultur. Biblioteka trengst for at kommunar og lokalsamfunn skal overleve

Nynorsk eller bokmål på skulen i Halså?

I september skal innbyggjarane i Halså kommune på Nordmøre avgjera kva som blir språklagnaden her.

BRIT AKSNES
bladstova@lnk.no

Ikkje noko har vore gjenstand for fleire folkerøystingar her i landet enn skulemål. Nokre ser gjerne at ungane held på nynorsken, medan andre helst vil at bokmålet skal innførast jamt over.

TILSTANDEN I DAG

Sidan kommunesamanslåinga mellom Halså og Valsøfjord i 1963 har det vore delt skulemål: Valsøfjord skule har skrive bokmål, Halså barne- og ungdomsskule og Blekken skule (1.-4. trinn) har skrive nynorsk. No skal dei slåast saman til ein skule, noko som etter kvart ikkje er så uvanleg i ein liten kommune på rett under 1700 innbyggjarar. Det kan verka som at målsaka ikkje står øvst på agendaen verken frå kommunen si side eller hjå folk flest. For å gjera det enkelt for folk å stemma har kommunen lagt røystinga til 12. september, same dag som kommunevalet. Skulefagleg ansvarleg i Halså kommune, Marie Botn, vil oppmoda folk til å stemma, men ho understrekar at det ikkje er kommunen sin jobb å organisera diskusjonsmøte eller andre tiltak som kan påverka utfallet. Så kva seier folk som bur her?

NYNORSK – KVIFOR?

Bygda har eit aktivt mållag, Halså heimbygdlag, men som Dordi Oterholm påpeikar, så tilhøyrrer medlemmene i stor grad gruppa som har barneborn i skulen heller enn eigne born. Ho har ikkje registrert noko særleg engasjement rundt skulemåls-saka, og ho har ikkje altfor stor tru på nynorsk siger. Tidlegare leiar og prosjektleiar i Nordmøre Mållag, Nils Ulvund, ser derimot ikkje på saka som tapt:

– Me må få i gang ein diskusjon om språk og informera om språktilstanden i dag. Eg trur litt av problemet er at nynorsken ikkje er synleg nok. Og sidan dei før eller seinare lyt ha nynorsk i skulen, så kan ein like godt starta som ungar. Me vil ta kontakt med folk i bygda og gjera dei obs på kva dei faktisk er i ferd med å velja vekk. Så viss folket stiller til val, så blir det nynorsk, seier ein optimistisk Ulvund.

BOKMÅL – KVIFOR IKKJE?

Einar Vaagland er tidlegare lærar og har sterke meiningar om kvifor ein skal velja bokmål som skulemål. Han presiserer at det slett ikkje er fordi han har noko i mot nynorsk, men det

går på at dagens bokmål og nynorsk liknar kvarandre så til dei grader.

– Me snakkar ikkje om landsmål og riksmål her. Forskjellane er i ferd med å utvatnast heilt, og når det store fleirtalet i landet skriv bokmål og dialektane ikkje ser ut for å lida under det, så fattar eg ikkje kvifor me lyt tvihalda på å ha to målformer, seier Vaagland.

– Dagens ungar lærer i stor grad av barne-tv, der overvekta av bokmål ikkje kan diskuteras. Eg meiner at det viktigaste er at dagens ungdom lærer seg å skriva bra og riktig, og om det blir bokmål, så er det mindre viktig, fortset Vaagland.

DIALEKT VERSUS MÅLFORM

Trass i at bokmål har vore målform i store delar av kommunen sidan sekstitalet, så står altså dialekten sterkt enno. Rektor ved Valsøfjord skule, Eli Ohren, undrar seg litt over overvekta av bokmålstilhengjarar:

– Eg har vore rektor her i nærare 40 år, og det har aldri vore noko spørsmål om å skifta frå bokmål. Dette er jo noko spesielt, sidan målføret ligg såpass nær nynorsk. Nokre lærarar og foreldre skulle kanskje sett at det var annleis, men det er ikkje tvil om kva majoriteten vel. Ein kan sjølv sagt ikkje føresjå utfallet av ei folkerøysting, men med eit såpass svakt engasjement så tippar eg det vil gå i bokmålsretninga. Eg trur folk er bra klar over skiljet mellom skriftspråk og dialekt og eventuelle likskapar, men ein vert utsett for ei så massiv bokmålsseksponeering i kvardagen at dette kjem meir naturleg, trur eg.

FRÅ DET EINE TIL DET ANDRE

Ei undersøking for ei tid tilbake frå Blekken skule, der elevane i 1.-4. trinn går, viste at foreldra gjerne kunne tenkja seg å skifta til bokmål, men det vart ikkje til det den gongen. Den nokolunde samla oppfatninga tyder på at tendensen i år heller mot det motsette.

Per Olav Foseide er rektor på Halså barne- og ungdomsskule, der skulemålet framleis er nynorsk. Han òg observerer ei lite tilstadeverande opprørsstemning med tanke på at dei gjerne lyt skifte til bokmål etter folkerøystinga.

– Det store initiativet har vel ikkje vorte teke enno, men kanskje det endrar seg nærare valet? Uansett så blir eg ikkje overraska om det endar med bokmål. Sjølv om elevane her skriv nynorsk og oppnår gode resultat i barneskulen, så er det mange som skiftar til bokmål når dei kan velja på ungdomsskulen.



VEKKJAR: Nils Ulvund vil engasjere bygdefolket i språkdebatten. (Foto: Hege Lotbe/Noregs Mållag)

Stort oversyn Lite format

Bladet for landbruk og andre bygdenæringar på Sør- og Vestlandet.

Eit år med Bondevennen, førti nummer, heim til deg for kr 350. (Normal pris er kr 700. Berre for nye abonnentar.)
Send e-post til bond@fkra.no. Merk: LNK-tilbod.

Bondevennen

Sidan 1898 har Bondevennen som fagblad og talerøyr sett fokus på landbruket og andre bygdenæringar. Nedslagsfeltet er frå Sunnmøre i nord langs kysten til og med Telemark, med tyngdepunkt i Rogaland, Aqderfylka og Sunnhordland.

SITATET:

– Kommunane klarer å skaffe pengar til kulturhus, men det er langt vanskelegare å skaffe pengar til vedlikehald av skular og barnehagar.

Overlege Jan Vilhelm Bakke i Arbeidstilsynet til Dag og Tid om manglande vedlikehald av kommunale bygg

Kunnskapsløyse som kampsak



Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK

HØVISKE ORD

Høgre var lenge kjend som "kunnskapspartiet". Partiet har i tiår etter tiår argumentert for kor viktig det er med kunnskap, danning og meir læring i skulen. Men det var altså for populistane i Unge Høyre vaks til. Du hugsar sikkert dei med "La dem raute nynorsk - bare vi slipper", og bokbål med brenning av nynorskordlister som festlege verkemiddel i valkampen. I dag sit fleire av desse bokbrennarane som byrådar ...

På sist landsmøte vann denne grupperinga fram, og eit stort fleirtal gjekk inn for at sidemål skal vera valfritt i ungdomsskulen. Elevane skal altså ha rett til å velja vekk den delen av norskfaget dei ikkje likar. Spør du ein trettenåring om han kan tenkja seg å sleppa eit fag, eller ein del av eit fag, er det ikkje overraskande om svaret er ja. "Kunnskapspartiet" Høgre ønskjer altså å flytta ein del av ansvaret for kulturpolitikken her til lands frå Kulturdepartementet og over til tretten år gamle elevar. Samstundes

argumenterer partiet med sterkare satsing på teoretiske fag, opplæring i framandspråk frå første klasse (!), betre lærarar og strengare krav til orden og disiplin. Berre ikkje når det gjeld nynorsk. For som Linda Hofstad Helleland sa det: Nokre elevar "slit med grammatikk og sidemålsstilar". Avisa Hallingdølen kommenterer lakonisk at "dersom graden av 'slit' skal styre Høgres framtidige skulepolitikk, kan det bli snautt med fag i grunnskulen." Dersom elevar slit i eit fag, er det ikkje då mest naturleg å styrkja lærarkompetansen og innsatsen i det faget?

Vedtaket rokkar ved eit 125 år gammalt prinsipp om at me har to likestilte skriftformer her til lands, og at språket norsk er det same som nynorsk og bokmål – til saman. Kanskje det er på tide å leita fram store ord som kulturarv og nasjonsbygging?

Sidemål er sjølvsagt eit håplaus omgrep når me snakkar om to likestilte

språkformer. For Unge Høyre er sidemål det same som nynorsk. For Unge Høyre og for elevar i medlemskommunane i LNK er sidemålet bokmål. Dei mest ressurssterke elevane i begge leirar vil kanskje velja å halda på heile norskfaget, men storparten vil truleg velja vekk ei språkform – rett og slett av di dei kan. Det er ikkje vanskeleg å sjå for seg at sjølv gode nynorskforeldre vil rå ungane til i alle fall å læra seg majoritetsspråket, slik at dei ikkje vert utestengd frå store delar av arbeidsmarknaden, når så langt kjem. Særleg når dei ser kva haldningar delar av det politiske miljøet har til nynorsk.

Høgreleiar Erna Solberg opna i dagane før landsmøtet for at forslaget kunne koma opp, men både ho og nestleiar Jan Tore Sanner røysta mot. Andre sentrale partimedlemmer har gått aktivt ut mot vedtaket. Sentralstyremedlem Arne Hjeltnes, ordførar i Stord, Liv Kari Eskeland, fylkesordførarkandidat Noralv Distad i Sogn og Fjordane, og leiar i Sogn og Fjordane Unge Høgre, Embla Belsvik seier alle at dei vil kjempa vidare mot vedtaket.

I svært mange aviser er resolusjonen blitt latterleggjort. Leiarskribenten i Hallingdølen seier det slik: "Vedtaket vitnar om kunnskapsløyse. [...] Dette er utilsloa frieri til unge nynorskhatarar i urbane strok. Valfritt sidemål i ungdomsskulen skal bli vinnarsaka i kampen om førstegongsveljarane."

Eg er redd for at Hallingdølen har rett, men eg håpar gode, verdikonservative krefter i Høgre klarar å bevisa at eg tek feil.

Meir til samanslåtte kommunar

Kommunar som slår seg saman, får no auka perioden for inndelingstilskot frå 10 til 15 år. Det kom fram etter at regjeringa la fram kommuneproposisjonen i midten av mai. I tillegg blir tilskotet nedtrappa i ytterlegare fem år, slik ordninga legg til rette for også i dag.

– Eg ynskjer med ei slik utviding å leggje til rette for langsiktige og stabile rammevilkår for kommunar som på frivillig basis ynskjer å slå seg saman, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Inndelingstilskotet i inntektssystemet er ei kompensasjonsordning til samanslåtte kommunar for reduksjon i rammetilskotet som følgje av kommunesamanslåing. No kompenserer inndelingstilskotet for bortfall av basistilskot og eventuell reduksjon i samla regionalpolitiske tilskot, i tillegg til meirkostnader som følgje av auka arbeidsgjevaravgift.

Endringa vil gjelde både for dei kommunane som mottek inndelingstilskot allereie, og for dei som skal slå seg saman.

– Inntektssystemet skal korrjere presse eller lokke kommunane til å slå seg saman. Systemet skal gje kommunane like føresetnader for å gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine, seier Navarsete.

Vil ta opp kampen

Sogn og Fjordane Høgre stemde mot forslaget på Høgre sitt landsmøte om å gjere skriftleg sidemål i ungdomsskulen valfritt. No vil dei ta saka vidare.

Ifølgje avisa Firdaposten ser fylkespartiet for seg å ta opp saka når valprogrammet for kommande stortingsperiode skal utarbeidast.

– Vi trur at sidemålsopplæring er viktig både for elevane og for framtida til dei to jamstilte skriftspråka våre, seier fylkesordførarkandidat Noralv Distad frå Aurland og Jacob Nødseth, lokalpolitikar frå Florø og I. vara til Stortinget for Høgre, til avisa. Dei er glade for at både partileiar Erna Solberg og I. nestleiar Jan Tore Sanner røysta mot vedtaket under årsmøtet som fann stad i byrjinga av mai.



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo
www.lnk.no

post@lnk.no

Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

Styret:
Astrid Myran Aarvik, styreleiar

Laura Seltveit
Rune Øygard
Solfrid Borge
Gunnar Strøm

Varamedlemmer:
Nils R. Sandal
Olaug Grana
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Alternativ til tradisjonell arbeidsturnus

Ein har sidan 2005 testa ut alternative turnusar i helsesektoren, og i den nyaste Fafo-rapporten kjem det fram positive tendensar.

BRIT AKSNES
bladstova@lnk.no

Sjuepleiarane har stilt seg tvilande til at den såkalla «Nordsjøturnusen» vil høva for dei, men dei som arbeider med utviklingshemma og psykisk sjuke i bufellesskap, ynskjer ordninga velkomen.

NY TREND

Fafo-rapporten «Forsøk med langturnusordningar i Bergen kommune» datert mars 2011 refererer resultat frå ei undersøking av korleis alternative arbeidstidsordningar påverkar arbeidsmiljø og rekruttering til tenester for utviklingshemma og psykisk sjuke. Det vert innleiingsvis vist til det aukande behovet for kompetent arbeidskraft framover og korleis dette kan dekkjast med tanke på rekruttering og betre utnytting av den eksisterande arbeidskrafta. Rapporten understrekar at det allereie er godt dokumentert at små stillingar ikkje er bra for tenestekvalitet, arbeidsmiljø eller rekruttering. Fagforeiningane er ikkje samde i at ordninga høver for alle. Ein har i fyrste omgang prøvd det ut i sektoren for utviklingshemma, og her stiller ein seg temmeleg samla bak forslaga om lengre arbeidsdagar.

KOMPETANSEHEVING

Ein av dei som støttar prøveordninga fullt



POSITIV: Assisterande leiar ved Fanafjellet Bufellesskap, Torbjørn Farestveit. (Foto: Brit Aksnes)

ut, er einingsleiar ved Kompetansehelset sør i Bergen kommune, Ørjan Hinna. Allereie på slutten av nittitalet kom han med framlegg om å prøva ut alternativ turnus, men fyrst i 2005 sette ein i gang ved Mildevegen bufellesskap. Mildevegen inngår framleis som ein av dei fem testplassane i Bergen.

– Me er fyrst og fremst opptekne av brukarane; å ha stabilitet i kvardagen betyr mykje for dei som er avhengige av hjelp i

kvardagen. I staden for å få dagen broten opp av to eller tre vaktskifte, så får dei på denne måten meir ro i rutinane. Same person som vekkjer dei og lagar til frukost, er med dei i dei daglege gjeremåla og heilt til kvelden.

I tillegg til at brukarane er nøgde, så får han gode tilbakemeldingar frå tilsette, både vernepleiarar, pedagogar, hjelpepleiarar og assistentar så vel som dei som jobbar administrativt.

– Ordninga med å jobba intensivt fleire døger i strekk for så å ha fri gjer at dei tilsette kan fordjupa seg på ein annan måte. Mildevegen har for eksempel skift på 7 dagar i strekk. Me har sett tydeleg at den faglege kompetansen har vorten heva.

REKRUTTERING

Ei tilbakevendande problemstilling har vore korleis ein får nok folk i tenesta. Ustadige skiftordningar i ein relativt tung bransje gjer at rekrutteringa ikkje alltid har vore like lett. Ein av dei som har erfart dette, er Torbjørn Farestveit, assisterande leiar ved Fanafjellet bufellesskap.

– Fanafjellet ligg eit godt stykke utanfor sentrum og kan seiest å vera noko kronglete å koma seg til. Likevel så har me hatt så godt som null problem med rekrutteringa etter at me tok i bruk alternativ turnus. Eit direkte resultat av timefordelinga er at folk kan ta på seg større stillingar, noko som fører til kompetanseheving, som igjen gjev eit betre fagleg tilbod til brukarane. Eg skal ikkje påstå at det er løysinga på alle problema, men det ser i alle fall ikkje ut til å ha

nokon negativ innverknad, snarare tvert i mot.

Ørjan Hinna seier seg einig i dette. Særleg det at meir adekvat utdanna folk ser på stillingane som attraktive, gjer at han håpar ordninga skal oppretthaldast.

ARBEIDSMILJØLOVA

Ein lyt ha eigen avtale som er heimla i unntaksløve i arbeidsmiljølova for å kunna setja opp alternative turnusar. Om dette går gjennom, er opp til fagforeiningane. Forhandlingane vert tekne opp att kvart år, då turnusane bryt med arbeidsmiljølova som stadfestar inntil 9 timars arbeidsdag. Det kan verka som mykje byråkrati at ein ikkje kan halde ved lag avtalane for lengre periodar, men både Hinna og Farestveit ser nytten av ei årleg evaluering. Forskingsleiar i Fafo, Leif E. Moland, seier at det kan ta mange år å verkeleg få stadfesta at ei ordning faktisk fungerer nok til at ho kan setjast ut i regulær praksis. Men om ein hadde kunna gått gjennom meir lokale instansar for endeleg godkjenning i staden for å ta det sentralt gjennom LO, så ville det kanskje korta ned handsamingstida. Carjet Demir, klubbleiar i Fellesorganisasjonen i Bergen kommune, er ein av dei som jobbar med alternative arbeidstidsavtalar.

– Ein har uansett årlege samtalar og evalueringar på arbeidsplassane. Me stiller oss positive til å bruka arbeidstida alternativt for å oppnå høgare fagleg kvalitativ teneste. Om det gjev effekt med andre turnusar enn dei tradisjonelle, så held me ordninga ved lag slik. Eg trur likevel at det ikkje er negativt å ha FO som kontrollinstans her. Eit slikt samarbeid tyder på at organisasjonen tek avtalen på alvor. Sentrale ledd i organisasjonen set som vilkår at det skal vera lokal semje mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde før dei eventuelt gjer eit vedtak om alternativ arbeidstid. Men om det er usemje i ein avtale lokalt, så er det ikkje slik at FO kan overstyra dei lokale einingane, seier Demir.

KONTINUITET FOR BRUKARANE

Før ei verksemd innfører alternativ turnus, så får dei tilsette sjølve avgjera om dei skal vera med. Erfaringsmessig går dei aller fleste inn for dette. Det som har fått mykje fokus i media, er at Norsk sjukepleiarforbund stiller seg negativ til ei slik tidsfordeling med lange vakter. Då dei enno ikkje har innført pilotprosjekt, fell dei såleis utanfor den siste Fafo-rapporten. Alternativ arbeidsfordeling i tenester for utviklingshemma og psykisk sjuke byggjer på erfaringa frå barnevernet. Torbjørn Farestveit fortel at ein har redusert talet på stillingar etter innføringa av den nye turnusen, noko han peikar på som nok ein positiv biverknad ved ordninga.

– Dei tilsette er særst nøgde, me har lite gjennomtrekk i staben, og naudsynt rekruttering går smertefritt. Ein ser òg at me økonomisk sett har gått frå over millionen i overtidspengar til ein tiandedel. Men ikkje minst: brukarane har ein kontinuitet i kvardagen som dei ikkje hadde før. Dei som jobbar på Fanafjellet er like viktige for brukarane om det er ein vanleg tysdag eller julaften. Frustrasjonen over stadig avbrot i dei daglege rutinane er borte. Då er det lett å støtta ei slik ordning, avsluttar Farestveit.

DRAUM OG TULLSKAP

Festskrift til
Rasmus Løland 150 år

Pris 248,-

Bestilling på e-post:
post@nashornet.no

I bokhandelen frå 27. april

SELJA FORLAG



Det er 150 år sidan forfattern Rasmus Løland blei fødd. Løland var ein pioner i barnelitteraturen. Han skreiv historier direkte og levande til ungene, som skil seg frå eventyr og bibelhistorier.

Denne boka handlar om det å bli lesen for, ho handlar om kvifor Løland var ein pioner og ho handlar om arven etter han i den nynorske barnelitteraturen.

Her fortel mellom andre Herborg Kråkevik om kva ho les for dottera si, her fortel Ingelin Røssland om korleis det er å vera forfattar og besøka skuleklassar, og her fortel Arnt Birkedal om kva posisjon Løland har og har hatt i litteraturen.

Denne boka er for deg som har blitt lesen for og for deg som likar å lesa for barn.

Norsk Plan as

ABC
Startsida

SpareBank 1 SR-Bank

Lingnesunds Avis



To blir éin

Diktarvegen og I/S Fjordvegen slår seg saman til ein organisasjon.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Leiar for Diktarvegen, ordførar Solfrid Borge i Ullensvang herad, trur ein samla organisasjon vil styrkje posisjonen sin overfor styresmaktene.

– Ikkje minst overfor løyvande styresmakter er det viktig at vi no jobbar saman som éin organisasjon.

GUL STRIPE

Diktarvegen og Fjordvegen jobbar saman mot eitt felles mål, og det er å kanalisere meir trafikk langs riksveg 13, seier Borge. Først og fremst er det då viktig å få trygge vegar med gul stripe, seier ho.

– Det er mykje som må gjerast med riksveg 13, og vi forstår at ikkje alt kan gjerast på éin gong, seier Borge. – Men når vi jobbar saman, så vil det bli lettare å prioritere tiltaka undervegs.

Langs denne vegen må det òg finnast gode opplevingar for dei reisande, og Borge konstaterer at det allereie er god kjennskap til dei etablerte, men for lengst avlidne diktarane som det finst spor etter langs vegen. No må vi ha fram dei nolevande også, slår ho fast.

HELLER SMART ENN VAKKER

Tanken om å slå saman Diktarvegen og Fjordvegen spring ut av ein rapport laga av Telemarksforskning. Dei har sett på kva potensiale som finst langs Diktarvegen, og kva organisasjonen må gjere for at han skal vere liv laga i framtida.

– Diktarvegen må finne dei kvalitetane vegen er unik på, sa forskar Lars Kobro då han orienterte om undersøkinga under landstinget til LNK i april. – Det er mange som er vakre og attraktive, så det er betre

NYE DIKTARVEGEN

DIKTARVEGEN:

Diktarvegen skal bli den første litteraturruta i Noreg. Diktarvegen skal følgje rv. 13 og gå frå Jæren i Rogaland, via Ryfylke, Hardanger, Voss og Sogn til han endar i Sunnfjord i Sogn og Fjordane. Styringsgruppa til Diktarvegen er samansett av LNK, Nasjonalt Garborgsenter, Rasmus Lølandmarkeringa 2007–2011, Olav H. Hauge-stiftinga, Sivle-laget og Jakob Sande-stiftinga.

I/S FJORDVEGEN:

I/S Fjordvegen Rv 13 er eit interesseselskap for den indre samferdselsåra på Vestlandet, som går gjennom dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane og i alt 16 kommunar. Arne Kleppa er prosjektansvarleg og styreleiar i I/S Fjordvegen.

å satse på å vere smart, malte han opp på lerretet.

I dag blir mykje av verdiskapinga i samfunnet styrd av kjenslene våre, og Kobro peiker på at Diktarvegen må dyrke dei kvalitetane som kan finnast langs vegen, og som kan vere med og gjere dei reisande opplevingar som møter draumane, kjenslene og behovet for lek.

– Fjordvegen er Noregs litteraturveg; her må dei reisande få møte litteraturen på ein trygg og effektiv veg med gul stripe, skisserte Kobro i ein alternativ visjon for det nye selskapet.

KLART I 2012

Korleis den nye organisasjonen skal sjå ut, er ikkje heilt avklara enno, men truleg blir



FRAMSKRITT: Solfrid Borge, leiar for Diktarvegen, er positiv til at dei to organisasjonane no slår seg saman, og seier det vil bli lettare å prioritere viktige tiltak i framtida. (Foto: Lene Kristin Mo)

det eit aksjeselskap som opnar for både privat og offentleg eigarskap. I sommar skal Diktarvegen og Fjordvegen møte departementet for å søkje aksept for at ein vel å gjere ting annleis enn opphavleg tenkt. Viss alt går som organisasjonane ønskjer, vil den nye Diktarvegen vere operativ frå 1. januar 2012. Den nye organisasjonen vil bli styrd av dagens arbeidsgruppe frå Diktarvegen: leiar Solfrid Borge, Arne Kleppa frå I/S Fjordvegen, Vidar Høviskeland frå LNK og Leiv Vambheim, dagleg leiar i Hardangerrådet. I tillegg blir Roald Bergsaker frå Stavanger Næringsforening med i styret.

MØTE

No har I/S Fjordvegen og Diktarvegen hatt sitt første møte om samanslåing, og føremålet har vore å trekkje opp ei skisse for ferda vidare. Kva folk som blir med, er kjent, men korleis midlane skal finnast og fordelast, veit ein enno ikkje noko om. Det trengst ein driftskapital på minst ein million kroner i året, opplyser organisasjonane, og for å sikre god framdrift er det naudsynt å ha sikra midlar for dei første fem åra.

Opnar for Arbeidarpartiet

Sentralstyret i Arbeiderpartiet har vedteke at partia i kommunane no kan velje om dei vil bruke Arbeidarpartiet eller Arbeiderpartiet. Men det offisielle namnet er framleis Arbeiderpartiet med e.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Dette er jo eit steg i rett retning, seier Otto Samnanger frå Finnøy Arbeidarparti, som til no har vore forplikta til å bruke bokmålsforma av namnet. Samnanger har ein særskild grunn til å meine noko om dette.

EIGENNAMN

Finnøy Ap ønskte nemleg å skrive «Arbeidarpartiet» på listene dei skal bruke ved valet til hausten. Det meiner dei er naturleg i ein nynorsk kommune. Men partiet og

lovverket seier nei. Arbeiderpartiet er eit eigennamn, og så lenge partiet sjølv vel å berre ha éi form, kan ein ikkje bruke den andre, slik mellom anna Språkrådet understrekar. Det er dermed opp til eit kvart parti om dei vil nytte nynorsk- eller bokmålsforma av namnet sitt, så sant dei ikkje har begge deler.

MYKJE BRUKT

Til no har altså Arbeiderpartiet berre hatt namnet sitt i éi målform. Men merksame lesarar har gjort LNK-avisa kjend med at folk har brukt den ulovlege forma Arbeidarpartiet i stor skala. Om det er fordi dei ikkje veit betre, eller ønskjer så sterkt å bruke nynorskforma av namnet at dei gjer som dei vil, vitast ikkje. Men eit søk på «Arbeidarpartiet» i Google gir 37 000 treff, sjølv om nokre av sakene handlar om andre arbeidarparti enn det norske.

OGSÅ HEIME

Noko meir overraskande er det kanskje

at både regjeringa og partiet sjølve brukar namnet Arbeidarpartiet på sine respektive heimesider. Eit søk i Google med strengen «regjering.no: Arbeidarpartiet», altså søk på termen «Arbeidarpartiet» i regjeringa sine heimesider, gir 5 410 treff. Og eit tilsvarende søk på Arbeiderpartiet sin eigen nettstad viser 124 treff for «Arbeidarpartiet». Ein må sjølv sagt ta høgde for at nokre av desse treffa kan vere klipp frå eksterne nettstader, men stikkprøver viser at nynorskforma blir brukt også i nyhendesaker partiet sjølv har produsert.

På toppen av det heile blir Arbeidarpartiet brukt som partinamn i Stortinget si digitale ordbok på Stortinget.no.

ENDRAR NAMN

Når redaksjonen vender seg til partikontoret til Arbeiderpartiet med spørsmål om kva som er rett og gale, får vi først til svar at partiet no vurderer namnebyte, og at ein i samband med det ønskjer å ta høgde for at vi har to målformer i landet. Dette må skjje gjennom ei vedtektsend-

ring. Og så får vi beskjed om at sentralstyret no har vedteke å lempe på krava.

I samband med at partiet no skal gå vekk frå namnet Det norske Arbeiderparti til berre Arbeiderpartiet er det derfor bestemt at kommunepartia og fylkespartia no kan få velje om dei vil bruke nynorskversjonen eller bokmålsversjonen. Men på listene skal det framleis heite «Arbeiderpartiets liste». Det blir ikkje opna for ein nynorsk versjon av namnet på listene eller for partiet nasjonalt og internasjonalt. Der skal formene vere høvesvis «Arbeiderpartiet» og «Det norske Arbeiderparti» eller «The Norwegian Labour Party», forklarar partiet i ein e-post til LNK.no.

– Dei kunne godt ha teke steget heilt ut og late oss bruke namnet også på listene, seier Otto Samnanger frå Finnøy Arbeidarparti. – Det kan ikkje bety så svært mykje for partiet å gi etter på det, og dei hadde kome mange veljarar i møte med å gjere det. Men sjølv sagt var det hyggeleg å høyre at dei har gitt litt etter, og vi skal nok få ei grei løysing på lista vår.

SITATET:

– Det er et dårlig prinsipp hvis man skal fjerne sidemålet i norsk skole, bare fordi noen ikke liker det. Hva med Pythagoras, en vrien kar for mange ungdomsskoleelever. Kanskje vi skal fjerne ham også?

Arne Hjeltnes frå Bærum Høgre forsvarar sidemålet på Høgres landsmøte

Kjelde: TV2-nyhetene

Tor Bergum
avdelingsleiar
Gol kommune

**PÅ KOMMUNEVIS****Øyremerking**

Eit departement har tildelt driftstilskot for 2011 til eit regionalt, offentleg tiltak, løyvd med 3 millionar kroner frå ein nærare spesifisert post som det er referert til i Proposisjon 1 S. Det er ingenting å setja fingeren på, alt ser ut til å vera regelrett og riktig gjort, vurdert og utført. Likevel, må det bli gjort så omstendeleg, og så høgt opp i hierarkiet?

Det blir føreset at søkjar følgjer føresetnadane, krav til rapportering, økonomiforvaltning og kontroll, som er spesifisert i godkjenningbrevet, og som er vedlagt retningsliner for økonomiforvaltning og kontroll, med mål når det gjeld forvaltning, forskning, formidling, fornying. Her er m.a. rapportering ei gjentakande del-overskrift. Departementet presenterer dei politiske mål, utfordringar og satsingsområde.

Neste kapitla i brevet gjeld økonomiforvaltning og kontroll. Nettskjema skal inn til departementet med årsrapport for rekneskap. Rekneskapen må innehalde alle utgifter og inntekter som institusjonen har hatt i løpet av året. Rekneskapen må vera revidert.

Resultatrapporten skal gjera greie for måloppnåing med utgangspunkt i dei mål og rapporteringskrav som ligg føre. Denne rapporten vil vera grunnlag for rapportering frå departementet til Stortinget. Dei tre siste av dei 12 sidene med godkjenningbrev er retningslinene for økonomiforvaltning og kontroll.

Takk og pris for pengane. Utan hadde ikkje det vore greitt. Men må vi vera så omstendelege? Politisk styring er grunnleggjande i eit demokratisk samfunn. Nå har departementet rett nok i retningslinene lempa på kravet om spesifikk stadfesting frå revisor når tilskotet er under kr 400 000. Likevel; revisor har da kommunerekneskapen til behandling og godkjenning. Vi har kontrollutval, og vi har lokale styringsorgan med sine administrasjonar.

All detaljert opplisting av vilkår og krav, godkjenning og rapportering har også ein pris. Er det formålstenleg med slike prosedyrar sett i høve til konkret handling til nytte for den og dei som tiltaket er tiltenkt? Prosjektbasert forvaltning synest å avle ekstra med byråkrati og rapportering.

Dette er langt frå rammeoverføring. Kan det vera statleg forvaltning på lokalt nivå eller øyremerking?



FARANDE: Andrea Øien Sæverud (t.v.) frå Hareid på Sunnmøre og Marit Lajord frå Vang i Valdres skal ut på journalistisk turne i Noreg. (Foto: Framtida.no)

Jaktar på engasjert ungdom

Den nynorske nettavisa Framtida.no har nettopp tilsett Andrea Øien Sæverud (25) frå Hareid på Sunnmøre og Marit Lajord (20) frå Vang i Valdres som reisande journalistar.

FRAMTIDA.NO

– Dei reisande journalistane skal gje oss meir journalistikk frå heile landet på Framtida.no. Me ønskjer å visa fram og styrkja engasjementet til unge og la saker unge er opptekne av, setja dagsorden. Eit valår som 2011 vil gjera dette særleg aktuelt, seier Svein Olav B. Langåker, prosjektleiar for Framtida.no.

Framtida.no har fått 200 000 kroner til prosjektet frå Vinjefondet.

– Å invitera til debatt og halda ved like kontakten med brukarane våre vil òg vera blant arbeidsoppgåvene til journalistane. Dette gjeld både innan sosiale media, på Framtida.no, Framtida.origo.no og i møte med ungdommar Noreg rundt, understrekar han.

TRENG TIPS

Andrea Øien Sæverud byrjar på Sunnmøre, medan Marit Lajord byrjar i Gudbrandsdalen og i Telemark.

– Det er veldig kjekt om me kan få tips til gode saker, seier dei.

Gode tips kan vera alt frå nystarta ungdomsparti, eit spanande arrangement eller morosame fritidsaktivitetar til dei sakene der ungdom vil bli høyrte, anten det er busstilbodet eller ungdomsrådet som ikkje eksisterer.

VIL VERA LOKOMOTIV PÅ NETTET

Nyhende- og debattavisa for unge starta 1. september i 2010. Sidan starten har 89 000 unike brukar vore inno. Satsinga er eit samarbeid mellom ABC Startsidene, Landsamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), Landslaget for lokalaviser (LLA), demokrati for unge-prosjektet «Mot til å meina», nettidsskriftet Magasinett og kulturavisa Pirion. Avisa får støtte frå Kulturdepartementet.

15 aviser og tidsskrift leverer i dag stoff til Framtida.no. I tillegg produserer Framtida.no egne saker, og 20 unge kommentatorar leverer faste meningsytringar.

– Me ønskjer å vera eit lokomotiv for nynorsk på nettet, og arbeider difor med å knyta til oss endå fleire partnerar, opplyser Langåker.

Nynorskdugnad fungerer på nett

Nynorsk lever godt som «dataspråk» på nettsider der brukarane sjølv står for omsetjinga på dugnad. Det er Facebook og Wikipedia gode døme på.

MAGNAR RIVELAND
bladstova@lnk.no

Oppslagsverket Wikipedia kom med nynorsk grensesnitt i 2004. Det er brukarane som legg ut artiklar på nettstaden, og det er lagt ut over 66 000 artiklar på nynorsk etter at artikkelen om øya Sekken i Molde starta ballet. Talet på artiklar har dei tre siste åra auka meir i nynorskversjonen enn i versjonane på bokmål og engelsk.

Nettsamfunnet Facebook starta også i 2004. Til Noreg kom det i 2006, men dei to fyrste åra var brukargrensesnittet berre tilgjengeleg på engelsk. I 2008 kom det versjonar på andre språk. Spansk var det fyrste språket Facebook vart omsett til. 1500 spansktalende brukarar deltok friviljug i omsetjinga. Den spanske utgåva var klar på fire veker.

TRE ÅR MED DULTING

Seinare same året kom Facebook i ei rekke andre språkdrakter. Blant dei var både bokmål og nynorsk. Om lag 2000 norske ungdomar deltok i dugnaden med nynorskversjonen. Norske facebookbrukarar har altså hatt høve til å dulda venene sine, og bli dulda attende, i tre år.

Det er uråd å seia kor mange som brukar Facebook på nynorsk, men det er om lag 2,5 millionar nordmenn som er aktive i nettsamfunnet. Det kan tyda på at det er eit par hundre tusen som følgjer med på «nyhendestraumen» på sin profil i staden for «nyhetsoppdateringar».

Facebook er dessutan språkmessig

interessant fordi meir enn 60 prosent av brukarane nyttar dialekt når dei skriv meldingar, statusoppdateringar og anna, ifølgje Språkrådet.

STARTA TILFELDIG

På Wikipedia kan alle som vil, skriva og redigera artiklar. I tillegg er det brukarar som er oppnemnde som administratorar. Desse har mellom anna høve til å sletta innhald som ikkje er eigna for oppslagsverket, eller å stengja ute brukarar som ikkje respekterer reglane.

Bjarte Sørensen frå Hjelmeland er ein av 23 aktive administratorar på nynorsk Wikipedia. Det var også han som oppretta nynorskversjonen ganske tilfeldig som 25-åring 31. juli 2004.

– Eg studerte i Australia på den tida, og var inne på Wikipedia. Eg hadde lyst til å leggja ut artiklar på den norske utgåva, men det meste der var på bokmål. Eg opplevde også at artiklar eg la ut på nynorsk, vart redigerte og omsette til bokmål att av andre brukarar. Heilt tilfeldig sjekka eg om adressa til ein nynorskversjon var ledig. Det var ho, og eg fann også eit menyval for å oppretta ein ny wikipedia. Det menyalet skulle ikkje ha vore der, men eg trykte på det, og dermed var det heile i gang, fortel Sørensen.

SPRÅKSPLITTING

I starten var det tre-fire brukarar som arbeidde med å laga brukargrensesnitt og artiklar på nynorsk.

– Det var ganske internasjonalt i starten. Eg sat i Sydney, og fekk med meg folk som mellom anna budde i London og New York. Det dukka stadig opp fleire som gjerne ville skriva på den målforma dei meistra best, seier Sørensen.

I byrjinga var det dessutan ein diskusjon med folka bak bokmålsversjonen om vegen vidare. Somme meinte det var feil å splitta dei to versjonane. Ei avrøysting blant dei



LICENCE TO KILL: Grunnleggjar Bjarte Sørensen er ein av 23 administratorar som kan sletta artiklar og stengja brukarar ute frå nynorskversjonen av Wikipedia. (Foto: privat)

mest aktive brukarane enda då også med at det berre burde vera ein norsk versjon, men Sørensen og dei andre nynorskfolka arbeidde likevel vidare.

– Dette var eit dugnadsprosjekt som levde sitt eige liv. Me såg ingen grunn til å stoppa det. Det vart i staden sett i gang eit samarbeidsprosjekt kalla Scanwiki, der dei to norske versjonane samarbeidde med dei danske og svenske versjonane. Det er ikkje alle artiklar som er skrivne frå botnen av. Mange av artiklane på Wikipedia er omsette frå andre språkversjonar. Det som er kjekt, er at når same artikkelen er lagd ut på fleire språk, så vil brukarane sjølv redigera og føya til ny informasjon. Det gjer at artiklane gjerne utviklar seg ulikt i ettertid, seier Sørensen.

EIN NERD I DEI FLESTE

I dag er det ein kjerne på 40-50 personar

FAKTA

Wikipedia

Kom i nynorsk versjon i 2004
Tal på artiklar i dag (og hausten 2008):
Nynorsk: 66 456 (40 000)
– 65 prosent auke
Bokmål: 300 760 (200 000)
– 50 prosent auke
Engelsk: 3 636 449 (2 400 000)
– 49 prosent auke

Facebook

Kom i nynorsk versjon i 2008/2009
Har om lag 650 millionar aktive brukarar over heile verda
Har om lag 2,5 millionar brukarar i Noreg

som er aktive på nynorsk Wikipedia, men det er mange andre brukarar som legg til artiklar og redigerer innhaldet i det som alt ligg ute. Bjarte Sørensen fortel at terskelen for å bidra er låg, og at administratorane i nynorskversjonen er meir opptatt av å ynskja nye brukarar velkomne enn å stengja ute dei som ikkje kan oppføra seg.

– Det hender at skuleelevar og andre legg ut feil informasjon, banning og anna me ikkje vil ha. Me prøver å takla dei også på ein god måte, og heller få dei til å bli gode bidragsytarar, seier han.

– Er det stort sett nerdar som legg ut artiklar på Wikipedia?

– Det bur vel ein nerd i dei fleste, og det er mange som legg ut lange og gode artiklar om sine heilt spesielle interesseområde, men det er både studentar, familiefolk og andre blant brukarane som bidrar. Eg oppmodar alle til å leggja ut artiklar og redigera det dei meiner er feil eller mangelfullt. Kvar artikkel på Wikipedia har også ei tilhøyrande diskusjonsside. Ein kan også gå inn der og koma med sine kommentarar, oppmodar Sørensen, som ikkje er i tvil om at nynorsk Wikipedia vil halda fram den gode utviklinga.

– Det krev at det er nokre eldsjeler. Sjølv er eg ikkje særleg aktiv lenger, men når nokre fell frå, er det andre som kjem til. Kvaliteten blir også stadig betre. Folk har blitt flinkare til å leggja til kjelder for informasjonen dei legg ut. Det er viktig. Slik unngår ein at innhald blir sletta fordi kvaliteten på faktainformasjonen ikkje kan dokumenterast, seier Bjarte Sørensen.

Appar på nynorsk

Applikasjonar, tilleggsprogram eller «appar», er små program du lastar ned på mobil eller lesebrett til ulikt bruk. Applikasjonar blir utvikla av bedrifter, lag og privatpersonar, og dei kan like gjerne vere gratis som at dei kostar pengar.

Det er ikkje råd å finne ein samla oversikt over kor mange slike applikasjonar som finst på nynorsk. Men eit nettsøk viser oss at i alle fall Yr og Jernbaneverket har applikasjonar som viser høvesvis værvarsel og togtider - på nynorsk. Ei lommelykt, eit biletprogram og ein kalender finn vi også i nynorsk språkdrakt.

I iTunes, som er ei samling av medieinnhald for Apple sine produkt, finn vi ein oversikt som viser at det er utvikla 15 Apple-applikasjonar i nynorsk språkdrakt, medan 1320 finst på bokmål.

Elles finst nettlesaren Opera mini tilgjengeleg for mobil med ein nynorsk versjon. Opera



og Opera Mini er norskproduserte nettlesarar som også finst for pc-ar.

Omsetjing via mobil

Programmet Word Lens kan omsetje tekst frå spansk til engelsk via iPhone. Bruker du kameralinsa på iPhonen og lar ho fange inn teksten, kan Word Lens setje han om for deg. Ei liknande teneste finst òg via Google Translate, med den skilnaden at Word Lens ikkje treng nett-tilgang for å gjere jobben. Førebels kan Word Lens berre omsetje mellom engelsk og spansk, og det fungerer best på enkel tekst som veg- og

informasjonsskilt, melder Mobil.no.

Tenester som desse omsetjingsprogramma kan styrkje dei små og smale språka i verda, sa samfunnsforskar Klaus Mogenssen ved Copenhagen Institute for Futures Studies under landstinget til LNK i april. Mogenssen meiner slike program i praksis kan omsetje kva språk som helst, og at ein dermed vil finne nye bruksområde for minoritetsspråka.

Den gode feen

Linda Sæbø (37) frå Stavanger byr på seg sjølv og gir gode råd om interiør og design til fleire tusen lesarar.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Bloggen hennar, Den Gode Feen, er kåra til den beste interiørbloggen av Dagbladetlesarane i 2010. I sommar får bloggaren prisen Årets nynorskbrukar.

Kva bloggar du om?

Eg bloggar om interiør, handarbeid og familieliv.

Kor lenge har du blogga, og kor ofte skriv du?

Eg har blogga sidan 2003. Då var eg i fødselspermisjon med den første babyen vår, kreativiteten blomstra, og eg måtte finne på noko på kveldstid medan poden sov. I staden for eit aktivt uteliv med kino og kaféurar sat eg heime bak symaskina eller stod i stigen med malepenselen i handa og dokumenterte det heile med tekst og bilete på bloggen. Slik held eg framleis på, bloggen er ei slags forlenging av hobbyen min. Eg prøver å oppdatere annankvar dag. Av og til oppdaterer eg meir hyppig, av og til sjeldnare.

Kva gir blogginga di deg?

Blogginga gir meg utruleg mykje positivt. Med små born i huset er det så som så med det sosiale livet, særleg i tida frå dei små er i seng, til eg sjølv tar kvelden. Då kosar eg meg i bloggeverda i staden. Eg legg ut nye innlegg, les andre sine bloggar, les kommentarane og e-postane eg får, og skriv nokre kommentarar hjå andre. Slik blir eg på ein måte kjend med mange

ÅRETS NYNORSKBRUKAR

- I juni får Linda Sæbø prisen som Årets nynorskbrukar.
- Prisen er 50 000 kroner og eit trykk.
- Prisen blir delt ut under Dei nynorske festspela.
- «I åtte år har Sæbø skrivne om interiør og familieliv på nynorsk, og det har ho gjort utan førebilete frå ei vekepresse som behandlar nynorsk som eit framandspråk», seier direktør i Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad om tildelinga.

nettvenner. Fleire har blitt skikkeleg gode venninner som eg har god kontakt med utanom bloggverda også.

Kva språk bloggar du på?

Eg skriv nynorsk i bloggen, som alle andre stader der eg formulerer noko på papiret.

Kor viktig er språket som reiskap for deg?

Språket er ein fantastisk reiskap. Gjennom skrivinga av bloggen har eg blitt mykje meir bevisst korleis eg formulerer ting. I starten kunne enkelte ting verte misforstått fordi ironi og humor er vanskeleg å formidle i papirform. Nå synest eg det går mykje betre, nettopp fordi eg er bevisst på dette. Kvaliteten på språket kan likevel variere frå innlegg til innlegg. I dagar med dårleg tid vert språket så som så, då kan bileta meir eller mindre tale for seg sjølv. Andre dagar, når eg har meir tid og overskott, kan teksten bere heile innlegget.



BLOGGAR: Linda Sæbø er geolog i Statoil ASA og bloggar på fritida. Ho er ein av dei mest lesne interiørbloggarane i landet. (Foto:privat)

Du skal få prisen Årets nynorskbrukar, kva betyr det for deg?

Ein fantastisk kjekk pris å få. Han overgår det meste. Eg har aldri hatt sjølvtilitt på det språklege planet, så prisen kom utruleg uventa, men desto meir gledeleg.

Kommuniserer du med lesarane dine?

Eg prøver alt eg kan. Dessverre har døgeret alt for få timar. Eg er i full jobb, har tre aktive born mellom 2 og 8 år, ein kjekk mann og hus og heim. Bloggen er hobbyen min. Eg prioriterer familien først, så jobben, så bloggen. Dette er eg veldig bevisst og tydeleg på. Å drive bloggen og

kommunisere rundt han kunne ha vore ein heildagsgeskjeft om eg ikkje var bevisst nok. Dessverre får eg ikkje kommentert like mykje hjå andre som det eg ynskjer, men har eg ein sjanse, så brukar eg han til å legge igjen eit spor etter meg.

Har du oversikt over kor mange som følger deg?

Det varierer etter kor ofte eg oppdaterer, men mellom 2000 og 5000 er innoom kvar dag.

Bloggen finn du på <http://dengodefeen.blogspot.com/>

Det du ser, og det du gjer

Skal nynorsk ha ei framtid som brukarspråk i datateknologien, må brukarane vera like mykje opptekne av det dei gjer, som av det dei ser, meiner professor Trond Trosterud.

MAGNAR RIVELAND
bladstova@lnk.no

For ti år sidan var det tynt med programvare i nynorske versjonar, men dugnadsarbeidet med å omsetja Skulelinux i 2001 og laga nynorsk versjon av Open Office året etter, gjorde at det endra seg. I 2003 kom Microsoft Office med menyar og kommandoar på nynorsk. Parallelt med dette vart kravet om måljamstilling i programvare lagt inn i forskrifta for offentlege innkjøp og i opplæringslova.

– Skulelinux sette det heile i gang, men Microsoft vakna først då Open Office kom på nynorsk, seier Jon Grepstad, som den gongen var tilsett i Språkrådet og sto midt oppe i denne kampen.

– Det var dessutan viktig at islandsk, som er eit språk med færre brukarar enn nynorsk, fekk ein eigen språkversjon av Microsoft Office, legg han til.

SILD ER OGSÅ FISK

Professor Trond Trosterud ved Universitetet i Tromsø er samd i at programvareprodusentane har blitt flinkare, men meiner det er andre ting som er vel så viktige om nynorsk skal vera eit fungerande brukarspråk.

– Ein ting er det me ser, at menyvala er på nynorsk. Vel så viktig er det at det me gjer, fungerer på nynorsk. Me treng til dømes gode retteprogram og søkjemotorar som skjønar begge målformer. Norske lovar og forskrifter blir vedtekne vekselvis på nynorsk og bokmål. Om me søkjer på ordet «løyve», vil me gjerne ha treff på ordet «bevilling» også. Datamaskinar må bli flinkare til å skjønne ord som noko meir enn bokstavstrenger. Det gjeld ikkje berre i høve nynorsk og bokmål. Me vil også at søkjeordet «fisk» til dømes skal gi oss treff på dokument som inneheld ordet «sild», seier Trosterud.

– Det har vore viktig å få program som Microsoft Office på nynorsk, men folk bør vera meir opptekne av språkleg realpolitikk enn språkleg symbolpolitikk. Det hjelper lite om det offentlege lagar nettsider på begge målformer, dersom nynorskversjonen er mindre oppdatert og inneheld færre lenker enn bokmålversjonen. Då brukar folk den siste etter å ha vitja nynorskversjonen ein gong, meiner Trosterud.

TRENG OFFENTLEGE KRAV

Grepstad og Trosterud er samde om at det i dag er ei relativt grei sak å omsetja brukargrensesnittet i dataprogram – det ein ser – til nye språk, men dei meiner det er viktig at det offentlege går føre og stiller krav.

– Eg har inga tru på at marknadskreftene ordnar dette på eiga hand. Nynorskfolk er ikkje flinke nok til å krevja, og heller ikkje godt nok oppdaterte på kva som er råd å få til, meiner Jon Grepstad.

– Om alle nynorskbrukarar ser på data-skjermen sin og tek inn over seg kor mykje som står på bokmål der, så skjønner me at den marknadsmakta me måtte ha, ikkje blir teken i bruk. Krav frå det offentlege er nok nødvendig for å få sjølve programvara på nynorsk, så er det opp til brukarane korleis me vil nytta det. Men data er generelt bra for minoritetsspråk. Det er enklare å få alt på nynorsk i dag enn den gong me måtte setja vår lit til at det lokale postkontoret hadde doble blankettsett. Og nynorsk står ganske sterkt på Internett. Nynorsk Wikipedia er blant dei språkversjonane som står aller sterkast i høve til talet på brukarar, seier Trond Trosterud, som også håpar på ein ny språkdugnad i tida som kjem.

– Omsetjingsprogrammet Apertium, som er basert på open kjeldekode og er




HAR EI FRAMTID: Jon Grepstad (innfelt til venstre) og Trond Trosterud er samde om at nynorsk har ei framtid som dataspråk, men det krev ein innsats både frå det offentlege og frå brukarane. (Illustrasjonsfoto: Wilton Rodrigues)

ei gratis netteneste, må omarbeidast etter at ny rettskrivingsnorm er vedteken. Kven som skal retta dette programmet, som er eitt av to alternativ for omsetjing frå nynorsk til bokmål, er eit viktig spørsmål, meiner Trosterud.

MOT TIL Å MEINA

57 prosent av dei unge under 26 år meiner dei ikkje blir høyrte og ikkje får vera med bestemma.*

ER DET PÅSS TIL UNGE UNDER 26 ÅR I FORMANNSKAPET DITTI?



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmeland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Målet er å auka det politiske engasjement blant unge og stimulera til å få fleire unge med i folkevald arbeid og ved valurnene.

Sjå garborg.no og magasinett.no

* Nasjonal kartlegging av unge under 26 år

«Mitt navn er Syltetøy Kausjonerer»

Omsetjingstenesta Google Translate har ennå ikkje kome med ein nynorskversjon, men mange spør seg kor viktige slike gratistenester eigentleg er.

MAGNAR RIVELAND
bladstova@lnk.no

Det ligg mange gratis omsetjingstenester på Internett. Dei fleste er utvikla av maskinar. Det er ikkje menneske som har sete og lagt inn ord og tolkingar. Det har maskinen gjort ved å gå gjennom teksten i eit stort tal dokument på dei ulike språka og utvikla eit ordforråd og ein logikk gjennom det han har «lese».

Felles for gratistenestene er at dei fleste til ei viss grad kan gjera korte tekstar på andre språk skjønlege, om det enn krev ein porsjon godvilje frå lesaren til tider. Ein annan ting dei har felles, er mangelen på nynorskversjonar. Det gjeld også den mest brukte av dei, Google Translate, sjølv om ho har ein innebygd modul som i det minste skal kjenna att nynorsk når ho får det servert.

Gratistenestene har også det til felles at dei fort blir ubrukelege når dei får servert tekstar som inneheld særnamn, ord med fleire tydingar og tekstar med ord som ikkje er vanlege i daglegtalet. Setninga i overskrifta skal vera resultatet ein får om ein ber ei av gratistenestene på nettet om å omsetja «My name is James Bond» til norsk bokmål.

BOKMÅL TIL NYNORSK

Skal ein setja om til nynorsk, er det tenesta Apertium (www.apertium.org) som er den mest aktuelle nettbaserte løysinga. Det er råd å få ganske feilfrie omsetjingar frå bokmål til nynorsk med Apertium, men ho tek stundom sjansen på ting som slår feil ut. Me testa ho med å be om ei omsetjing av fyrste vers av den norske nasjonalsongen. Resultatet vart slik:

*Ja, vi elsker dette landa
som det stig fram.
Fura, værbitte over vatnet
med dei tusena heim.
Elskar, elsker det og tenkjer
på faren vår og mor,
og den saganatt som senkar
draumar på jorda vår.*

Teksten er framleis forståeleg, men bokmålsordet «landet» har to tydingar. Det kan både vera bunden form av substantivet «land» og preteritumsform av verbet «å lande». Her valde Apertium feil tyding.

Frasen «de tusen hjem» vart også vanskeleg. Programmet har her valt å tolka dei to fyrste orda (de tusen) som

eit uttrykk for at «tusen» skal stå i fleirtal i staden for «heim».

TRYGGARE Å KJØPA PROGRAM

Skal ein ha betre omsetjingshjelp, er eit omsetjingsprogram betre enn gratistenestene på nettet. Programmet Nyno er eit bra verkty for omsetjing mellom bokmål og nynorsk. Styrken til Nyno er at programmet sjeldan tek sjansar. Der det er tvil, der stoppar programmet opp og ber brukaren om å velja det rette alternativet.

Kva så med Google Translate, som sjølv seier at tenesta deira er i stand til å kjenna att nynorsk? Vel, om ein ber Google Translate om å omsetja Apertium sin nynorskversjon av «Ja, vi elsker» til engelsk, får ein dette resultatet:

*Yes, we love this country
as it rises up.
Pine, weathered over the water
with the thousands of homes.
Love, love it and think
for our father and mother,
and the saga night that sends
dreams on our soil.*


Ikkje så verst, men etter å ha kjørt teksten gjennom to omsetjingar, har bokmålsordet «fure» blitt til treet fure (pine=fure). Google Translate har i det minste fått dei tusen heimane til å bli rette att.

NYTTIGE TILLEGG


Google Translate har dessutan ei rekkje tilleggstjenester som kan vera nyttige. Direkte omsetjing av heile nettstader medan ein vitjar dei, er ein nyttig ting. Omsetjingstenesta er også aktiv når ein brukar søkemotoren Google. Det gjer at anten ein søker på einskilde ord eller heile fraser på norsk, kan ein velja å få opp treff frå nettsider som har same ord eller frase på andre språk.

Gratis omsetjingstenester på nett kan vera eit godt hjelpemiddel dersom målet er å skjønna tekst som er skriven på eit anna språk. Å bruka slike tenester til å omsetja norsk tekst til andre språk og senda den omsetjinga til ein mottakar; det kan vera ei flau oppleving. Framleis er det slik at det er betre å la mottakaren sjølv bruke omsetjingstenester til å finna ut kva du har skrive til vedkomande. Eit kjend skrekke-døme er turistbyrået i Las Vegas, som har publisert informasjon på ei rekkje språk på nettstaden sin. På den «norske» informasjonssida, står det mellom anna:


«Nesten everybody i verdenen har hadde noe begjær til someday besøk de city at aldri lukker. Og once they've komme her, de begynne til fannt another tid eller schedule at vil tillate dem til returnere igjen.»




FJELLKOMMUNE?



KYSTKOMMUNE?



BYKOMMUNE?



LANDKOMMUNE?

KBN Kommunalbanken
Norge

- me er til for alle

I meir enn 80 år har me hjelpt kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering, slik at kommunen kan realisera sine mål.



Handlekraftig direktør

Fem månadar etter ho overtok stolen som Kulturråddirektør, har Anne Aasheim etablert ein heilt ny organisasjon.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Kulturrådet var klart for store organisatoriske omrokeringar grunna samanslåing med ABM-utvikling (Statens senter for arkiv, bibliotek og museum) då Anne Aasheim tok over direktørstolen i fjor haust. Desse utfordringane har den nye direktøren teke på strak arm. Sidan samanslåinga ved nyår er det lyst etter og tilsett fire nye avdelingsdirektørar.

– Når selskap fusjonerer, fører det med seg nye mulegheiter. Dette er eit spennande arbeid, som òg har fått brei tilslutning i heile organisasjonen, fortel ei engasjert Aasheim.

Samanslåinga med ABM-utvikling har ført ansvaret for kompetanse og oppgåver på museums- og arkivfeltet over til Kulturrådet.

Kulturvernfeltet vil få ei heilt anna kraft med denne fusjonen, i følge Aasheim.

Som embetskvinne og direktør for Kulturrådet har Aasheim langt frå frie taumar, men som rådgjevar for statsråden i kulturpolitiske spørsmål har ho absolutt ei makt til å påverka utviklinga av kunst- og kulturlivet i Noreg.

– Det som tiltala meg mest med stillinga, var høvet til å vera med på å utvikla kunst- og kulturlivet i Noreg, ikkje minst som pådrivar på området. I jobben som redaktør i Dagbladet var kvardagen i stor grad prega av omlegging, organisatoriske endringar og nedbemanning.

– Eg må innrømme at det er godt å vera ein stad utan å måtte seia opp folk. Det å seia opp folk er noko ein ikkje venner seg til.

Aasheim var ein sterk pådrivar for etableringa av Nynorsk mediesenter i Førde i 2004.

– Eg var brennande engasjert i etableringa av Nynorsk mediesenter, fortel Aasheim. Eg har alltid likt nynorsk som skrift og talespråk.

Som mangeårig distrikts- og nyhendedirektør i NRK meiner Aasheim kanalen spelar ei avgjerande rolle i norsk språkutvikling, og at det alltid har vore stort språkleg medvit i mediekanalen. Men i ei tid med større internasjonalt og globalt fokus er ein nøydd til å ty til nye verkemiddel. Der kom Nynorsk mediesenter inn.

Sidan oppstarten av Nynorsk mediesenter i Førde i 2004 er det uteksaminert 65 nynorskpraktikantar. Per 18. april 2011 arbeider 74 % av dei i media, i følge Nynorsk mediesenter. Tjueto er fast tilsette som journalistar. Av dei 40 som er i NRK, er sytten fast tilsette.

– Journalistpraktikantane frå Mediesenteret er i dag med på å synleggjera eit godt språk i media både skriftleg og munnleg, understrekar Aasheim.

Interessa for språk har alltid vore sterk. Med oppvekst i Porsgrunn i Telemark er det radikalt bokmål som er hennar hovudmål. Nynorsk vart ho for alvor kjend med og trygg på då ho som ung journalist jobba to år på desken i den kristne avisa

Dagen. Der hadde ho ansvar for å redigera framsidene i avisa, som vart redigert på nynorsk.

Men i den nyleg avtroppa stillinga som redaktør for Dagbladet fekk ho ikkje gjort så mykje for å mjuka opp haldningane til redaksjonelt innhald på nynorsk.

– Eg fekk ikkje jobba nok med språk i Dagbladet, medgjev Aasheim. Eg kom inn i Dagbladet i ei tid der profil, redaksjonelt innhald, omlegging, organisatoriske endringar og oppseing av tilsette var hovudfokus.

Ein hektisk start i ein ny jobb er over, og nye oppgåver ventar. Gjennom å vere forvaltar av Norsk kulturfond og andre statlige støtteordningar på kulturområdet og pådrivar for nye kunst- og kulturprosjekt mottek Kulturrådet rundt 15 000 søknadar årleg.

Då er Aasheim glad for å ha gode og fagleg høgt kvalifiserte sakshandsamarar i staben. Det høyrer ut som ho trivst godt i denne jobben og med staben.

– Det er slik ein glød og engasjement blant medarbeidarane mine, understrekar Aasheim.

Aasheim kjenner seg privilegert som får leia ein slik dynamisk og lite tungrodd stab.

For ho forventar kanskje å møte eit meir klassisk byråkrati då ho gjekk frå medieverda til embetsverket. Men ho har berre hatt gode opplevingar etter oppstarten og har hatt ei positiv oppleving av å koma inn.

– Eg har kjent meg velkommen, rett og slett, avsluttar Aasheim.


SJØLVMELDING

Alder: 49
Bur: Oslo
Sivilstatus: Gift med Mette
Aktuell: Ny direktør i Norsk kulturråd
Les: Alt eg kjem over!
Førebilete: Ingen spesielle.
Eg tenkjer det er best å gjere som best eg kan

MØT TIL Å MEINA

60 prosent av elevane i den vidaregåande skulen ynskjer å snakka meir med politikarane og andre som bestemmer i samfunnet.*

KVA TID MØTTE PARTIET DITT SIST OPP PÅ EIN SKULE?



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmeland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Målet er å auka det politiske engasjement blant unge og stimulera til å få fleire unge med i folkevald arbeid og ved valurnene.

Sjå garborg.no og magasinett.no

* Kartlegging ved tre vidaregåande skular i Rogaland

SITATET:

Det er ei skandale at Stad skipstunnel er blitt utsett ein gong til, for syttande gongen.

Sunnørsposten på leiarplass

Landsdekkjande ungdomskampanje

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU) vil hjelpe 16-åringane med å gjere det rette valet til hausten.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Forsøket med å la 16- og 17-åringane få stemme er viktige bidrag til fornying av demokratiet og ein ny demokratidebatt, sa kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete og barne-, likestillings- og inkluderingsminister Audun Lysbakken ved lanseringa av STEM1209 i april. Kampanjen har som føremål å få fleire unge til valurnene ved kommune- og fylkestingsvalet til hausten, og LNU har fått 1,5 millionar kroner av Kommunal- og regionaldepartementet til å gjennomføre kampanjen.

SKAL FÅ SVAR

STEM1209 har mellom anna ei nettside der ungdom kan ta opp ting via SMS eller applikasjonar.

Viss du har noko du er oppteken av, til dømes dårlege busskur i kommunen din, kan du ta bilete av det og sende inn, så vil LNU få ein politikar til å uttale seg om saka. Nettstaden www.stem1209.no skal delvis vere ein arena for engasjement, delvis ein plass for å finne informasjon, seier LNU. Gjennom Frifond-ordninga har STEM1209 i tillegg fått midlar som dei lyser ut, slik at ungdom kan søkje om pengar til lokale prosjekt dei brenn for. Det kan vere ulike ting frå å trykkje opp flygebrev til å arrangere konsertar.

KULTUR OG

KOLLEKTIVTRAFIKK

Kampanjekoordinator Flemming Rogbiff Idsøe i LNU har allereie vore i kontakt med ei rekkje ungdommar etter at kampanjen tok til, og han merker at dei unge som skal stemme for første gong til hausten, synest det er spennande og gler seg.

– Men mange av dei er usikre på valet dei skal ta, og dei er opptekne av å få vite nok før dei stemmer. Dei lurar på korleis dei skal finne ut kven dei skal stemme på, og mange er redde for at dei skal stemme feil, seier koordinator. Ungdommane tar valet alvorleg og forstår at det er makt i



ALVORLEG: Ungdom er opptekne av å gjere det rette når dei skal stemme til hausten, seier Flemming Rogbiff Idsøe i LNU. (Foto: Inu.no)

STEMMERETT FOR 16-ÅRINGAR

20 kommunar er valde ut til forsøk med stemmerett for 16-åringar. Alle fylke i landet unntatt Oslo er representerte. Longyearbyen lokalstyre vil også delta i forsøket. Forsøket blir gjennomført ved kommunestyrevalet 12. september 2011.

Kjelde: Regjeringa.no

å bruke stemmeretten sin, seier han. Når det gjeld kva saker desse ungdommane er opptekne av, seier Rogbiff Idsøe at kultur, fritid, skule og rusproblematikk peiker seg ut som typiske emne. Dei er til dømes opptekne av korleis kommunen kan ha møteplassar for ungdom der det ikkje er skjenking av alkohol.

– Kollektivtrafikk er eit anna tema som engasjerer, men kanskje ikkje først og fremst ut frå eit miljøperspektiv, slik vi er vane med. Ungdommane er meir opptekne av det praktiske perspektivet, som kva tilbod det finst i deira område, og kva det kostar.

FØRSTEVALET

STEM1209 blir finansiert hovudsakleg

Vellukka test av e-val

Ti kommunar skal til hausten prøva ut e-val i kommunevalet. Alle kommunane har gjennomført prøveval, og kommunaldepartementet er godt nøgd med erfaringane.

MAGNAR RIVELAND
bladstova@lnk.no

Dei ti kommunane som er med på prøveprosjektet der folk kan røysta heime på sin eigen datamaskin til hausten, har sjølve definert korleis prøvevala skal vera. Re kommune avslutta sitt prøveval som den siste av dei i midten av mai.

– Kommunane har hatt heilt ulike val i denne testen, alt frå val av ungdomsråd til folkerøystingar om eventuell bystatus, eller om kommunen skal ta initiativ til å slå seg saman med andre, fortel statssekretær Dag Henrik Sandbakken (Sp) i Kommunal- og regionaldepartementet. Han er godt nøgd med erfaringane dei har hausta.

– Det har vore nyttig. Prøvevala har avdekkja nokre tekniske problem som me har retta opp att. Det vart til dømes rapportert om at fleire veljarar ikkje fekk kvittering på at røysta deira kom fram dit ho skulle, men i det siste prøvevalet i Re kommune var også det på plass, seier Sandbakken.

Veljarane som nyttar seg av tilbodet til kommunevalet i haust, vil ha same høve til å kumulera og endra på vallistene som dei som går til vallokalet og røystar på vanleg vis. Alle røyster blir krypterte og er ikkje sporbare tilbake til den einskilde veljaren. Sandbakken meiner e-val vil vera positivt for fleire veljargrupper.

– Det vil til dømes gjera valet meir tilgjengeleg for funksjonshemma og andre som har vanskar med å koma seg til vallokalet. Me ventar at det vil vera mange som nyttar dette tilbodet til førehandsrøysting, men det blir nok ganske marginale utslag på den totale valdeltakinga i desse kommunane, trur Sandbakken.

E-valløysinga vil også vera viktig når det gjeld administrasjonen av val og valresultat rundt om i Kommune-Noreg i framtida, meiner Sandbakken.

– Den løysinga me har valt, vil gjera at me får eit felles valadministrasjonssystem i alle kommunar. I dag står kommunane fritt til sjølve å kjøpa og bruka det systemet dei ønskjer. Dei ulike systema «snakkar» dårleg saman, seier han.

med tilskot frå Kommunal- og regionaldepartementet. I tillegg yter dei aktuelle kommunane og fylkeskommunane sitt.

Regjeringa har løyvd midlar til fleire prosjekt som har som føremål å auke valdeltakinga og styrkje lokaldemokratiet. Mellom anna har LNK, Nasjonalt Garborgsenter og Magasinet utarbeidd det toårige prosjektet Mot til å meina. Mot til å meina har saman med idé-entreprenørane Melvær & Lien utarbeidd valkampanjen Førstevalet, der ungdom kan bli kjende med dei ulike partia og kome i kontakt med unge politikarar. Nettstaden Forstevalet.no er ein nettbasert kampanje som opnar 1. august.



FRAMSKRITT: Statssekretær Dag Henrik Sandbakken meiner at e-val vil føra til meir tilgjengelege val i framtida. (Foto: Nancy Bundt)

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag



24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

...kommune er i
...situasjon at for å
...nye ting, må ta
...na. Dette skule
...te kommuner
...rapportert for
...Han peikar på at
...ske analyse, for
...ner at presse
...te tenestene har
...vesteringsnivå
...er i
...m fører til at det
...amt, og prioriteras
...Sveio kommune i
...ert mykje. I dei g
...nskeleg å gjeja
...ester eller a
...ter
...hanfor dei rammer
...er tildelt utan at e
...era vekk andre tem
...rapporten på
...n rapportert for i
...grunn til ure
...Båd
...for halda fram med
...sett i gang etter
...ten og følg opp
...erlegare tiltak
...Mellom det
...na
...til, er ein total gje
...alle tenesteinng
...på å få fram
...nsial. I dette
...dei
...na retta sa
...ngar som
...neskapsutv
...n vil og kart
...ja
...på ein gang
...aka omstill
...å sjå til at det
...rding av ledige
...ysing av desse
...erne delegasjons
...al gjennomgåst
...dell for tild
...sar til skul
...beidet med a
...ministrative
...na
...på å frigje
...da fram.
...Det går vid
...frå
...ppira at dette er
...ed sjølvstyrte
...eit
...nippet er at ein
...g resultatet
...des
...annen er kom
...frat
...g, men den
...n totalt sett
...g
...ne
...krev enno
...kar
...iplin.
...Tala for først
...v
...erforbruk på til
...llionar kroner. Ra
...barnehage har e
...k på 3,1
...tot
...na opp i 3,7
...so
...rt gjort kon
...r
...område helse o
...ner overforbruk p
...r og vil kunna
...som det
...e
...dringar. På den
...atteinnkoma
...ka
...ste halvår.
...reskøyta «H
...øy
...i Fjeldroy
...n i
...04, men er sp
...te
...no ikkje f
...n i
...ss kommun
...i
...ellom anna
...veng
...000 kroner
...te
...Saka har vore
...flei
...mmunen etter
...dett
...vart vurdert
...auka
...ner. Eigaren
...k
...vedtaket.
...i
...nde difor sak
...ve
...nnen i vinter
...Dei
...e månader
...Be
...me fekk til
...sva
...ne saka er
...ne i
...n klageinstan
...av
...n sjølv kan
...avgj
...n dette med
...direk

Auka valfridom og sterkare klasseleiing

Den nye stortingsmeldinga for ungdomstrinnet legg opp til at ungdomsskuleelevane skal få meir praktisk undervising og høve til auka valfridom i skulekvardagen.

MAGNAR RIVELAND
bladstova@lnk.no

Meldinga er den første for ungdomstrinnet på mange år, og regjeringa legg opp til at elevane i større grad skal kunne velja fag. I 2012 vil dei få 1,5 timar i veka med valfag. Innan 2014 skal det aukast til 4,5 timar, og elevane skal kunne velja mellom 10-12 ulike fag. Forsøka som har vore med arbeidslivsfag, skal også utvidast i åra framover.

Kunnskapsminister Kristin Halvorsen har dessutan teke ønsket om meir variert og praktisk undervising

ad notam, og legg mellom anna opp til meir virtuell opplæring i matematikk, som saman med lesing er faget det skal satsast sterkast på framover.

Det er ikkje berre elevane sin kvardag som vil bli endra som følgje av den nye stortingsmeldinga. Det skal også satsast på å gjera lærarane til betre klasseleiarar gjennom eit eige femårsprogram for klasseleiing. Strategien for å betra klasseleiinga inneber mellom anna tydeleg formidling av prioriterte mål, bruk av indikatorar for å følgja opp resultat og samarbeid med lokale høgskular som kan gi fagleg støtte.

Det er ikkje sagt noko nytt om sidemålsundervising i stortingsmeldinga, men det står at det i den nye læreplanen, som skal vera ferdig i 2014, tydeleg skal definerast kva krav som vert stilte til hovudmål og sidemål. Stortingsmeldinga seier også at sidemålsundervisinga bør ha andre grunngevingar enn dei reint språkpolitiske.



NY MELDING: Den nye stortingsmeldinga for ungdomstrinnet legg opp til at elevane skal ha større høve til å velja fag. (Foto: Toyni Tobekk)

Forsikringar skal gi deg tryggleik, **men;** kan dei også gi deg litt betre økonomi?

Alle som har offentlig tenestepensjon i KLP har ikkje berre ei solid og trygg pensjonsordning, dei har også høve til å gjere seg nytte av spesielt gunstige forsikringsordningar. Vi veit at våre medlemmer er fornuftige og ansvarlege, derfor kan vi tilby svært konkurransedyktige vilkår. Låge forsikringspremiar og den raskaste bonusoppteninga i marknaden kan gi deg som medlem nokre kroner til overs. Kva du vil bruke desse pengane til skal ikkje vi bry oss med, men hugs at vi også har bank med svært gode vilkår både på sparing og fond.

Gå inn på klp.no og les meir om kva vi kan tilby alle som har offentlig tenestepensjon i KLP.

klp

for dagane som kjem



ISBADING: Ella Marie B. Vangsnes (t.v.) og Åshild Bråten nyt eit forfriskande bad i lunsjen. (Foto: Brit Aksnes)

Futt i Fusa

Trening i jobben er ikkje noko ukjent omgrep i kommunar rundt i landet. Likevel viser ei undersøking frå Synovate at verksemdsleiarar ikkje nødvendigvis har så mykje tru på at sjukefråveret går ned om ein set inn slike tiltak.

BRIT AKSNES
bladstova@lnk.no

I Fusa bryr dei seg lite om slike fordommar.

KLAR-FERDIG-GÅ!

I 2010 fekk einingsleiar ved Holdhus oppvekstsenter, Håvard Ragnhildstveit, det for seg at det burde setjast i gang eit sosialt og sporty tiltak i lærarstaben. Med idrettsfagleg bakgrunn har han ei naturleg overtvinging om at fysisk aktivitet aukar velveret, helsemessig og sosialt.

– Dytt.no har lenge drive med pakkøløy-singar der skritt-teljarar og skjema vert selde. Dette kan ein seia lite dårleg om, men eg hadde lyst på ein meir personleg vri, ei lokal forankring, seier Ragnhildstveit. Dei delte seg opp i lag med lagkapteinar og milepålar og hadde ulike konkurransar. Dei berømte skritt-teljarane var sjølvsagt på plass. Det tiltaket var så vellukka at Ragnhildstveit tok det med på møte i arbeidsmiljøutvalet, der han er representant.

– Dagsplanen her plar vera heller tung, så kvifor ikkje få litt futt i den kommunale sektoren? Som sagt så gjort, og etter ei lita stund var 470 kommunalt tilsette klare til dyst.

FUSA I FARTEN

Fusa er ein relativt liten kommune på kring 4000 innbyggjarar. Det finst fleire mindre einingar, men noko av poenget med eit slikt trening-i-jobben-prosjekt er å gje alle ei kjensle av at ein jobbar saman.

– Felles opplevingar medverkar til auka samhold. Tilsynelatande har fokuset vore å få folk opp av stolane for å koma i betre form, men den kanskje største biverknaden er utan tvil auka trivsel og sosialt samvere, fortset Ragnhildstveit entusiastisk.

For å halda folk oppdaterte på resultat og tilskipingar vart det oppretta ein eigen blogg, «Fusa i farten». Ved siste oppføring i bloggen kan ein lesa at fusingane dei siste vekene har stått for over 200 millionar skritt, noko som medfører 7,5 millionar brende kaloriar fordelt på over 100 000 km, eller om du vil: 2,5 gongar rundt ekvator.

– Ja, det set liksom innsatsen i eit anna perspektiv når ein samanliknar han på denne måten. Me trur at prosjektet bidreg til motivasjon og kanskje ein dose kreativ galskap, seier Ragnhildstveit. Det opphavlege målet var å konkurrera ut Facebook, men prosjektleiaren

medgir med eit smil at det kanskje var noko ambisiøst.

MANG SLAGS

Apropos kreativ galskap: Ragnhildstveit fekk smaka eigen medisin då han som ein spøk trua med å ta dopingtestar. Som svar på tiltale fekk han tilsend ein haug med urinprøvar.

– Folk er forskjellige, og folk har forskjellige måtar å trimma på òg. På kommunehuset har dei fast trim samt marsjtur i lunsjpausen, på gamleheimen dansar dei polonese, medan nokre av lærarane like godt vert med elevane i gymtimen. Og det er dette som kanskje er noko av det viktigaste: ein må tenkja at det finst høve i kvardagen. Nokon parkerer eit par km frå jobben og går siste etappen. Slik kjem trimmen inn i dei daglege rutinane. Det burde eigentleg ikkje vore lov å køyra til jobben om ein bur mindre enn 2 kilometer frå han! Men igjen, folk er forskjellige, og det skal ikkje vera noko formanande over dette.

For Ragnhildstveit sjølv vert ikkje dagen betre enn når han startar med ei god økt på veg til jobb, så ein dusj og til slutt, før klokka ringer og elevane kjem ramlande, ein god kopp kaffi.

NATUR OG TRIMKULTUR

Med den vakre naturen i Fusa som bakteppe kan det vel vera ekstra motiverande å skulle ha seg ut på tur. Og det kjem nok bra med når kommunen har heller dårleg med treningssenter. Mangelen på dette har ikkje så stor tyding for aktivitetsnivået, meiner Ragnhildstveit.

– Tvert i mot. Ei eg kjenner i byen, klaga over kor lite trim ho fekk, fordi det var så langt å gå til treningssenteret, humrar han.

Etter Ragnhildstveit sitt syn finst det ikkje betre måte å nytta naturen på vinterstid enn ein god, lang skitur. Her blir jo den reelle bonusen opplevinga av å vera ute i naturen, samstundes som skritt-teljaren går for harde livet. Skritt-teljar-prosjektet vara i 8 veker, men han ser ikkje vekk frå at interessa som er sådd, vil føra til at folk faktisk ser nytten i å koma seg ut.

– I vår har det jo vore ekstra sterke naturopplevingar etter ein lang vinter. Og mennesket er ikkje skapt for å sitja i ro, det fanst ikkje datamaskiner i steinalderen, konkluderer Ragnhildstveit.

IS I MAGEN

Åshild Bråten og Ella Marie B. Vangsnes møter friske og raske denne tidlege maidagen ved vasskanten nedanfor kommunehuset i Eikelandsosen. Dei har vore med i isbadingsgruppa sidan sist haust. Kvar tysdag og torsdag kl. 11 treffest 5-6 hardhausar til dyst.

– I dag er det jo direkte varmt, melder dei etter å ha lagt på sym utan noka nøling. På det kaldaste var det målt 0,7 °C. Bonusen er, i tillegg til ein skikkeleg oppfriskar, at ein får føra opp heile 5 000 skritt pr isbad. Rett nok



AKTIV: Prosjektleiar Håvard Ragnhildstveit framfor Holdbus oppvekstsenter. (Foto: Brit Aksnes)

ein sjølvbestemt verdi, men eit bra triks for å lokka til seg nye badarar.

– Det er skremmande kor lite trim ein får i slike administrative stillingar som mange har i kommunesystemet, seier Vangsnes, lagleiar for kommunetunet 1 og bloggredaktør for «Fusa i farten».

– Då eg jobba som lærar, fekk me i det minste rørt litt på oss når me var på inspeksjon. Her er det snakk om å oppfordra kvarandre til å ta utskrifter på skrivaren lengst vekke for å få blod-

omløpet i gang, ler Helland.

Lagleiar for kommunetun 2, Åshild Bråten, seier seg einig med Helland.

– I tillegg til dei positive fysiske effektane med treninga, så har ein mykje moro og mykje å snakka om.

I det dei sit på land og tørkar seg i den fine maisola, kjem Håvard Ragnhildstveit forbi på veg til møte på kommunehuset. Han har sjølvsagt sykla dei 5 kilometrane frå Holdhus til Eikelandsosen. Fusa i farten – svuusj!
<http://fusaifarten.blogspot.com/>

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

**NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!**



Jarle Aarvoll (Ap)
er ordfører i
Sogndal kommune

Kommunestyret i Sogndal har 25 representantar: Ap (9), Frp (5), Sp (4), KrF (2), SV (2), Høgre (2) og Venstre (1).

Sogndal kommune har 7160 innbyggjarar per 1. januar 2011 og ligg ved Sognefjorden. Her det fjord og fjell; frå dei lågaste djup til dei høgaste fjell. Kommunesenteret ligg i Sogndalsfjøra, og kommunen har elles tettstadene Kaupanger og Fjærland.

Sogndal kan ikkje nemnast utan at ein samstundes kjem inn på saft og fotball, Tone Damli Aaberge og Fosshaugane stadion. Songar Olav Stedje og kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete har også røter i saftbygda.

Sidan 1970-talet har Sogndal kommune teke i mot studentar frå heile landet. Kvar år går det rundt 2000 elevar på vidaregåande skule og høyskule i Sogndal.

Sogndal grensar til Luster i nord, Luster i aust, Lærdal og Vik i sør, Leikanger i sørvest og Balestrand og Førde i vest.

Kjelder: SSB, Wikipedia, Sogndal kommune sine nettsider og Store norske leksikon.



ORDFØRAREN OM:

Folketal:

Vi har hatt ei positiv folketalsutvikling i fleire år, men likevel lege under det eit regionsenter skal liggje på. Det siste året har denne trenden snudd, og nå er auken større enn det Sogndal statistisk sett skal ha. Vi har jo også 2000 studentar, som ikkje er folkeregistrerte hos oss, men ein så stor prosentdel unge menneske gjer noko med oss som lokalsamfunn.

Sosiale medium:

Eg har vore på Facebook i to år. Aktiviteten er noko varierende frå mi side, men eg får mange gode tilbakemeldingar og «innputtar». Eg har også ein blogg på Origo, som eg håpar å få bruke meir tid på. Der kan eg gå litt djupare inn i saker.

Kommunesamanslåing:

Eg har vore heilt tydeleg på det som gjeld kommunestruktur. Vi har teke formell kontakt med Luster og Leikanger for å greie ut ei kommunesamanslåing. I forkant av stortingsvalet i 2013 vil det kome ein debatt om kommunestruktur, og dei ulike partia vil kome med styringsforslag som gjeld kommunesamanslåing. Viss vi tek debatten allereie nå, trur eg vi vil kome styrkte ut av det.

Språk:

Vi er ein nynorsk-kommune i alt vi gjer, og vi er utruleg opptekne av språket. Eg har ikkje registrert at Tone Damli Aaberge, Olav Stedje, Eva Weel Skram eller Liv Signe Navarsete knotar. Dei bruker språket sitt og har ein sterk identitet. Eg trur det er viktig å halde på språket, og at det styrker sjølvkjensla. Sjå berre på Sogndal Fotball, Lerum og Rolf Navarsete i daglegvarebransjen. Sistnemnde har ordna det slik at han får unntak frå kjedereglane og får alt materiell tilsendt på nynorsk.

Speler på lag i Sogndal



FEIRING: Sogndal-ordfører Jarle Aarvoll i spissen for 17. mai-toget. (Foto: Svein Romstad)

I Sogndal kommune er dei opptekne av å spele på lag, anten det gjeld på elitelaget til Sogndal Fotball, innbyggjarane imellom eller med nabokommunane.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

– Det er utruleg viktig å vere ein lagspelelar. Står du åleine, får du ikkje til noko, slår Sogndal-ordfører Jarle Aarvoll (Ap) fast. Skal du spele på lag med nokon, må du kommunisere med dei.

– Som ordfører må eg vere flink til å kommunisere med både det politiske miljøet og innbyggjarane. Klarer eg ikkje dette, slit eg, meiner 52-åringen.

Han er oppteken av å høyre dei som ikkje alltid blir sedde eller høyrd.

– Eg trur bakgrunnen min som fotballtrenar for aldersbestemte lag, der eg jobba med å få fram det beste i kvar einskild spelar, hjelper meg i jobben som ordfører, seier Aarvoll.

SKULESAMARBEID

«Gjennom samarbeid får vi ting til» heiter det i verdiformuleringa til Sogndal kommune. Fokuset på samarbeid viser seg på fleire område. Mellom anna gjennom det interkommunale samar-

beidet Sats på skulen – snu Sogn. Dette samarbeidet er det Sogn regionråd som står bak.

Skulesamarbeidet går ut på at rektorane, inspektørane, lærarane og elevane skal få heva kompetansen innan leiarutdanning og entreprenørskap. Det seksårige prosjektet Sats på skulen – snu Sogn byrja i 2006. Bakgrunnen for prosjektet var at regionen ønskte å snu trenden med fallande folketal.

– Tanken bak prosjektet er at det som fungerer godt i skulen i Balestrand, er godt for skulen i Sogndal også, seier Sogndal-ordføraren.

– Nå skal vi overføre dette prosjektet til barnehagane i regionen. I dag har ein prosent av leiarane i barnehagane leiarutdanning. Denne prosentdelen skal vi auke, held han fram.

Eit anna område lagspelet viser seg på, er når det gjeld arbeidsplassar og kulturarrangement.

– Vi kan ikkje sjå kommunegrenser når det er snakk om kultur og arbeidsplassar, det same gjeld opplevingar generelt i regionen, konstaterer Aarvoll.

Han peikar også på Fosshaugane Campus som eit godt døme på kva samarbeid kan skape.

DUGNADSÅND

– Til å vere ein så liten plass er det mange tilbod og mykje liv og aktivitet

her i Sogndal. Det hadde vi ikkje fått til utan godt samspel mellom det offentlege, næringslivet, fylkeskommunen og nabokommunar. Viss det berre skulle ha vore det offentlege som skulle gjort ting, hadde vi ikkje hatt kulturhus og campus i Sogndal.

Samarbeidet gjeld også når arbeid skal gjerast på frivillig basis.

– Det er stor dugnadsvilje i bygda. Vi hadde vore eit fattig lokalsamfunn utan eldsjelene, ein kommune kan ikkje løyse alt. Sjølv er eg på reservebenken når det gjeld frivillige vaktar på heimekampane til Sogndal. Alle trør til og er med, slår Jarle Aarvoll fast. Rundt 300 frivillige er i arbeid under Sogndal-kampane på Fosshaugane.

Sogndal kommune har også eit samarbeid med nabokommunane når det gjeld barnevern.

I Sogndal ligg alt nært.

– Sogndal er ein god stad å bu og vekse opp i. Vi har korte avstandar til det meste, til jobb, barnehage, skule, skiløyper, butikkar og kulturhus. Vi er eit tett samfunn, og avstanden til der avgjerdene blir tekne, er ikkje lang, seier Aarvoll.

SAGT OM SOGNDAL:

Sogndal har vært mellom nr. 10 og 20 i Fotball-Norge i et kvart århundre. De har kompetanse. De har filosofi. De er samkjørte i synet på mål og metoder. Brann har mye å lære på Fosshaugane.

Davy Watne, TV2-sporten, nettmøte på VG-nett

Familiebedrift i 104 år

Ein sommardag i 1907 sto det att nokre stampar med bær på kaien på Sørheim etter at båten hadde gått til Bergen. Dette blei starten på næringseventyret Lerum og saftbygda. Nå er det fjerde generasjon Lerum som eig og driv millionbedrifta med 130 tilsette i Sogndal.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

Oldeforeldra Kari og Nils H. Lerum grunnla Lerum. Trine Lerum Hjellhaug (36) er i dag dagleg leiar for saft- og syltetøybedrifta. Med seg på eigarsida har ho to systre og to syskenborn. Mora hennar jobbar i kantina. Onkel er rådgjevar. Bestefar kjem innom dagleg og drikk kaffi. Nyleg byrja femte generasjon Lerum å jobbe på fabrikk som elektriskar.

– Det er mange i familien som jobbar her, og det går bra så lenge vi er medvitne om rollene våre og har ein god og open dialog med dei andre tilsette, seier den daglege leiaren.

TRE ANLEGG

Lerum AS er i dag landsdekkjande leverandør av saft, syltetøy og jus. Syltetøypro-

duksjonen held til i fjøresteinane i Sogndal, medan saft- og jusproduksjonen føregår i den 22 000 kvadratmeter store fabrikk i Kaupanger. Lerum sitt fryseanlegg for bær ligg i nabokommunen Lærdal.

Lerum AS omsette i fjor for nærare 430 millionar kroner. Kva er nøkkelen til suksessen?

– Hardt arbeid og langsiktig tenking, er Lerum Hjellhaug sitt kontante svar.

Lerum blir framheva som ein viktig aktør i Sogndal kommune. Dei deler ut sponsormidlar til lag og organisasjonar.

DEL AV LOKALSAMFUNNET

– Vi ønskjer å vere med og byggje det samfunnet vi er ein del av, seier Lerum-sjefen. I 2011 er det 30 år sidan Kåre Lerum og Rolf Navarsete forhandla fram den første sponsoravtalen mellom Lerum og Sogndal Fotball, og dette er det lengste generalsponsorsamarbeidet i norsk toppfotball.

– Lerum og Sogndal Fotball har hatt eit fruktbart samarbeid i 30 år. Nå signerer vi for tre nye år, sjølv om intensjonen er at vi skal samarbeide utover desse tre åra, sa Trine Lerum Hjellhaug tidlegare i år etter at sponsoravtalen var underskriven.

– Sogndal Fotball har litt av dei same verdiane som oss og same måte å jobbe på. Vi er dei små mot dei store, og må vere



FAMILIEEIGE: Desse fem eig Lerum i dag. Frå venstre: Kurt Lerum, Grethe Kristin Lerum, Trine Lerum Hjellhaug (bak), Bente Lerum Lund og Gro Lerum Bondevik (framme). (Foto: Bjørn Bergum)

smartare for å utnytte dei ressursane vi har, slår ho fast.

SPRÅK OG IDENTITET

Lerum kunne spart pengar på transportkostnader om dei hadde flytta bedrifta til Oslo. Det køyrer ut 10 vogntog frå Sogndal kvar dag med Lerum-produkt.

– Det handlar om identitet. Så lenge det er familien som eig Lerum, så blir vi i Sogndal. Her har vi nærleik til naturen og til historia vår, peikar Lerum Hjellhaug på.

Lerum brukar dessutan nynorsk medvite. – Vi har gått inn for nynorsk som språk fordi det er det språket vi snakkar, og dei vi er, fortel Trine Lerum Hjellhaug.



FJERDE GENERASJON: Trine Lerum Hjellhaug tok over som dagleg leiar i familiebedrifta Lerum i 2008. (Foto: Knut Strøm)

ABC
Startsida[®]
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege
start på
internett

www.startsida.no

Flyttar til Sogndal

Det starta for alvor for tre år sidan, då fire unge menn reiste frå ingeniørstudium i Trondheim, busette seg i Sogndal og starta si eiga bedrift. Sidan har stadig fleire utan tilknytning til kommunen flytta dit for å skape sine eigne arbeidsplassar.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

Ein av dei unge mennene som valde å flytte til Sogndal i 2008, er Halvor Gregusson frå Kristiansand. Han og ein kamerat gjekk på entreprenørskule under studietida i Trondheim. Entreprenørskulen hadde eit samarbeid med Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane.

– Den daglege leiaren for Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane presenterte regionen for oss på entreprenørskulen og inviterte oss til å kome på besøk til Sogndal for å sjå korleis det var. Etterpå tenkte vi at vi kunne prøve å flytte dit nå som vi er unge, og sjå om vi ville trivast, fortel Gregusson.

Dét gjorde dei. Med i flyttelasset var bedrifta Yast, som blei starta under studietida. Yast AS er eit programvareselskap som har utvikla eit enkelt system for timelisteføring som i dag har over 20 000 brukarar verda over. Løysinga er både nett- og mobilbasert, og er lansert på den globale marknaden.

INGEN BYGDEDYR

– Vi har ikkje angra på at vi valde å flytte hit. Vi har blitt godt mottekne. Byggedyret har vi ikkje sett så mykje til, slår Yast-gründaren fast.

Då Yast starta opp i Sogndal, fekk dei støtte frå både Innovasjon Noreg, eit lokalt sparebankfond, Sogn og Fjordane Fondet, og frå private aktørar.

– For å sørge for utvikling i ein kommune er det viktig at den private kapitalen i kommunen går inn i lokal næring i staden for til eit kva som helst selskap på børsen. Det er viktig å aktivere kapitalen der han er, meiner Gregusson.

Historia til Yast og Jørgen Borgesen, Håvard Halvorsen, Halvor Gregusson og Jørn Sandvik Nilsson blei byrjinga på eit lite nærings- og tilflyttingseventyr for Sogndal.

STOR TILFLYTTING

– Vi har stor tilflytting til kommunen, og etter at Yast etablerte seg her for tre år sidan, ser vi at stadig fleire flyttar til Sogndal for å starte si eiga bedrift. Eg trur det miljøet vi har i Sogndal, er tiltrekkjande for unge etablerarar, seier dagleg leiar i Sogn Næring, Wilhelm Tangerud.

Noko av det han trur er med og gjer miljøet tiltrekkjande, er naturen rett utanfor stovedøra med klatre- og topp-turmulegheiter og skiterrenget som finst i nærleiken. Kommunen har også eit levande kulturmiljø med konsertar og arrangement.

– Det er likevel ikkje nok å berre kunne tilby tilflyttarane våre desse tilhøva og miljøa. Vi må ha arbeid og bustad til dei, også. Det jobbar vi medvite med å leggje til rette for. Vi har mellom anna eit godt samarbeid med nabokommunane Luster og Leikanger i høve arbeidsplassar, fortel Tangerud.

Dei største bidragsytarane på nærings-



PÅ CAMPUS: Yast har kontorlokale i Fossbaugane Campus. Her er dei med Fossbaugane stadion i bakgrunnen. Frå venstre: Jørgen Borgesen, Håvard Halvorsen, Halvor Gregusson og Jørn Sandvik Nilsson. (Foto: Konrad Fagertun, med CC-lisens)



SIGLAR I MEDVIND: Wilhelm Tangerud i Sogn Næring kan fortelje om eit næringsliv som siglar i medvind. (Foto: Tonje Tangerud)

fronten i Sogndal kommune er Lerum, Sogndal Fotball og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

UNGT MILJØ

– Lerum har vore med på å sørge for utvikling i Sogndal, mellom anna ved å jobbe for å opne Sogndal mot Bergen og Oslo med betre vegar. Sogndal Fotball er den største kanalen vi har for marknadsføring både innanfor og utanfor kommunen. Høgskulen er ein stor arbeidsgjevar, og samstundes gjer 2000 studentar noko med ei bygd. Kvar fjerde person du møter på gata, er student. Det unge miljøet studentane skapar, syter også for å gjer oss tiltrekkjande for tilflyttarar, slår næringsleiaren fast.

Tangerud kan fortelje at det skal byggjast eit nytt kjøpe- og bustadsenter i Sogndal, og at det allereie eksisterande kjøpesenteret planlegg ei stor utbygging.

– Handelslekkasjen vi har til Førde og Sunnfjord, har blitt vesentleg mindre. Det skjer mykje positivt i kommunen, og då er det hyggeleg å vere i min jobb. Vi har likevel eit stort potensial som vi må stå på for å utnytte, sluttar Wilhelm Tangerud.



I LAUSE LUFTA: Joakim Simonsen i Sogndal Free Running midt i lause lufta i Sogndal sentrum. (Foto: Andreas M. Helle)

Akrobatikk

Kvar tysdag treffest rundt 16 ungdommar i gymsalen på Trudvang skule for å klatre på veggar, hoppe og trikse. Nokre av dei var også med i den siste runden med Norske Talenter på tv.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

Det hjelper ikkje å vere pysete viss du skal vere med i Sogndal Free Running. Her får du flytta grensene dine, og det å hoppe høgt både opp og ned er berre ei utfordring.

– Det handlar om kroppskontroll, lære å kjenne sine eigne grenser og å presse seg sjølv mentalt, slår instruktør Anders Martin Helle (17) fast.

Freerunning eller free running er ein sport som mellom anna går ut på å klatre og hoppe på og mellom tak og i trapper,

og trikse over gjerder. Franskmannen Sébastien Foucan er grunnleggjaren av sporten. Estetikk er viktig i freerunning, det handlar ikkje om å kome seg fram, opp og over så effektivt som mogeleg, slik det er i den liknande sporten parkour.

– Vi bruker alle mogelege hinder vi kan finne i naturen og i bymiljøet, vi leikar oss, gjer triks og hoppar over, seier Helle. Anders Martin Helle har drive med freerunning i fem år.

– Eg hadde så vidt byrja med dans på den tida og dreiv også litt med skating. Eg og ein kompis høyrde om freerunning og søkte på nettet for å finne ut kva det var. Vi fann ut at vi ville prøve det, og enda opp med å like det begge to, fortel 17-åringen. Helle er trenaren til dei som var med i Norske Talenter, men var ikkje sjølv med i konkurransen. Han merkar godt effekten deltakinga har på både gruppa og sporten. – Plutselig har vi fått ein heil haug med oppdrag, både slike som går ut på å halde kurs, men også oppdrag kor vi viser eit show, fortel freerunnaren.

SAGT OM SOGNDAL:

Bygda og regionen har vorte løfta av fotballen, og det er klart at me i Lerum er stolte over å ha vore ein av mange bidragsytarar til at satsinga gir slike frukter.

Trine Lerum Hjellhaug signerer sponsoravtale med fotballklubben Sogndal

Meir enn fotball



STOLTE: Egil B Mundal (til venstre) og Rasmus Mo i Sogndal Fotball var stolte då dei fekk målprisen frå LNK. (Foto: Elin Moen Karlsen, Norsk Plan)

Det har skjedd mykje på Fosshaugane dei siste 15 åra. Det har vore opp- og nedturar både på og utanfor banen. I dag står Fosshaugane Campus fram som eit område for både sport, næring og skule.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

I førre veke sikra Sogndal seg sin første heimesiger i tippeligaen denne sesongen då dei slo Lillestrøm 2-0. Men det er ikkje berre på fotballbanen klubben har suksess.

For 15 år sidan byrja bygginga av Fosshaugane Campus. Sidan då har det blitt investert og bygd for 1,2 milliardar kroner i området, men det står framleis att ein del byggjeverksemd.

I dag er Fosshaugane Campus ein arena som husar vidaregåande skule og høgskule, i tillegg til ein del verksemdar som kommunikasjons- og designbyrå, arkitektkontor, medieavdelinga til fotballklubben og NRK.

– Fosshaugane Campus er eit kunnskaps- og kompetansesenter der fotballklubben er ein sentral aktør og eigar, fortel dagleg leiar for Sogndal Fotball, Egil B. Mundal.

Kommunesenteret Sogndalsfjæra, som Sogndal Fotball held til i, har 3750 innbyggjarar, medan det bur 7200 i heile kommunen. Fotballaget har 2200 medlemmer, og er dermed viktig for både bygda og kommunen.

Sogndal Fotball har utvikla seg til å bli ei av dei store verksemdene i kommunen. Over 60 årsverk er nå knytte til klubben og dotterselskapa.

Sogndal Fotball har eit velkjent motto: Stao no pao!

– Vi har ei setning som følgjer dette: I Sogndal utviklar vi det vi er best på, seier Mundal.

BYGGJEAKTIVITET

Sogn og Fjordane fylkeskommune bygger nå ny tribune og ny vidaregåande skule på Fosshaugane Campus. Tribunen skal vere klar til heimekampen mot Fredrikstad 26. juni, medan den vidaregåande skulen står klar 30. juni.

Høgskulen i Sogn og Fjordane bygger også nytt administrasjonsbygg på området. Dette skal stå klart til hausten.

MÅLPRISVINNAR

I april fekk Sogndal Fotball LNK sin pris for offentleg målbruk. Det er det ein grunn til. Klubben har ein streng språkpolitikk.

– Dei tilsette som ikkje skriv nynorsk, får heller ikkje publisere noko. Mediesjefen vår er frå Moss, og når han har skrivne noko, les vi andre korrektur før vi publiserer det, fortel Mundal.

Grunngjevinga for at dei mottok LNK-prisen, var:

«Det at de brukar nynorsk naturleg i ei verd som er så dominert av bokmål, er viktig for holdningane til dette språket, både i lokalmiljøet og nasjonalt. Nynorsk blir ikkje sidrompa når det er på ei fotballside det står om 'Siger på vindfulle La Manga' eller 'heimetrøye'. Særleg når Tone Damli Aaberge er med og reklamerer for trøya.»

– At ein fotballklubb får ein slik pris, er spesielt å oppleve. Det betyr at arbeidet vi har gjort med å byggje ei merkevare, har blitt lagt merke til. Som representant for norsk toppfotball er det lett å bli stolt av å få ein slik pris, seier marknadsjef i Sogndal Fotball, Rasmus Mo.

– Å få ein slik pris opnar eit nytt utstillingsvindaug for oss, og det skal vi bruke ærleg, legg han til.



JUBILANT: Kulturhuset i Sogndal fyller 20 år i år. (Foto: Tor Uglum)

Jubileumsåret 2011

Det er tre jubileum som gjeld i Sogndal kommune dette året; 20-årsjubileet til kulturhuset, 30-årsjubileet til songaren Olav Stedje og 120-årsjubileet til Hotell Mundal.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

Det blir eit år med endå fleire kulturarrangement enn vanleg.

– Kulturhuset skal vi feire frå september til november. Eg kan ikkje røpe så mykje av programmet, men det blir konsertar med lokale og nasjonale artistar, teater med Riksteateret og Sogn og Fjordane Teater og danseframvisningar. Det vil bli noko for ein kvar smak, slår kultursjef i Sogndal kommune, Maryan Georgsdatter Mundal, fast. I løpet av dei tre månadane dei feirar kulturhuset, vil det vere rundt 10 arrangement i månaden.

SOGNDAL SIN FØRSTE POPSONGAR

Olav Stedje blei fødd i Sogndal 8. juni 1953, og feirar i år 30 år som songar og låtskrivar.

Stedje står mellom anna bak landeplaga *Vi vandrar saman* (1981). Sogndølen har skrivne ei rekkje med songar på nynorsk sidan den gongen.

– Det er NRK som har regien på feiringa av Olav Stedje, men det eg veit, er at ho startar her i Sogndal i slutten av september, fortel Georgsdatter Mundal.

Ved Sognefjorden i Fjærland ligg det ærverdige hotellet Hotell Mundal. Den norske arkitekten Peter A. Blix teikna hotellbygget, som opna dørene i 1891. Det blir fleire konsertar, teaterframvisningar og utstillingar i samband med jubileumsåret.

EIT RIKT KULTURLIV TIL VANLEG

Sogndal kulturhus har kinotilbod kvar dag utanom måndagar, ikkje sjeldan med premierar. Riksteateret, Sogn og Fjordane Teater, frie teatergrupper og amatørteatergrupper har òg jamlege framvisningar i kulturhuset. Studentsamfunnet har om lag 120 arrangement årleg i Meieriet, mellom anna 70 konsertar.

Distriktsmusikargruppa er ein del av Kulturskolen i Sogn, og dei og elevane i musikkskulen held fleire konsertar i året. Det er også eit rikt lags- og organisasjonsliv elles i kommunen.

Sentrumspark i hjarta av Sogndal

Hausten 2009 sto Sentrumsparken ferdig i Sogndalsfjæra. Parken kosta 16 millionar kroner og blei finansiert med parkeringsinntekter og midlar frå regionalutviklingsfondet. I parken er det grasplen, ein kort sti, tre, leikestativ, kafé, benkar og steinskulpturar.

Sogndal kommune planlegg nå ein fjordsti ved sjøen i kommunesenteret. Denne stien skal gå både på pålar ute i sjøen og heilt nede i fjæresteinane. Poenget er å opne Sogndalsfjæra opp mot sjøen.



PARK: Sentrumsparken er eit stort ope område med både stein, mur og gras rett utanfor kommunebuset i Sogndalsfjæra. (Foto: Bente Kjos-Wenjum, Norsk Plan)

Hordaland Teater – gjerne i neonbokstavar

Draumen om ei eiga nynorskscene i Bergen sentrum er konkretisert: samarbeidspartnarane er på plass, politikarane er involverte, Jon Fosse er i støyten. Det einaste som manglar, er huset.

BRIT AKSNES
bladstova@lnk.no

– I dag lanserer me på nytt ideen om Hordaland sitt nynorske teater, midt i byen slik som intensjonen var! sa styreleiar Ågot Valle og presenterte dei tre samarbeidspartnarane: teatersjef Trond Birkedal i Hordaland Teater, teatersjef Erik Ulfsby ved Det Norske Teatret og teatersjef Terje Lyngstad ved Sogn og Fjordane Teater, samt initiativtakar Jon Fosse. Ho fortsette med å visa til Edvar Hoem: «Teateret bør ha sete i Bergen. Du organiserer ikkje eit profesjonelt teater utan at det er eit solid publikumsgrunnlag der teateret er stasjonert.»

Og det var denne budskapet som hovudsakleg kom fram under lanseringa av teaterplanane i april: Hordaland Teater må inn til sentrum. Den noverande tilhaldsstadestaden på Stend vert avvika så snart ein får eit eigna lokale på plass.

Jon Fosse la vekt på kor viktig det er med ei eiga nynorskscene:

– Grunnmisjonen no er å få teateret inn til sentrum, eit eige bygg der Hordaland Teater skal høyra heime. Det er språket som skal vera i fokus. Det er klart at ein lyt ha eit eige hus for nynorsken i nynorsk-hovudstaden – dette har vore draumen til nynorskingane i generasjonar, sa Fosse, som gjerne støttar Ulfsby sitt forslag om eit neonskilt med «Nynorskhuset» i store bokstavar. På spørsmål frå salen om det ikkje kom til å bli motstand mot så klar nynorskprofil, tok ein annan frå salen, varafylkesordførar Tom-Christer Nilsen, ordet og sa det i så fall var på høg tid at ein fekk gjort til skamme slike haldningar. Erik Ulfsby ved Det Norske Teatret supplerte ved å visa til at 70 000 ungdommar vitja teateret i Oslo i fjor, noko som tydar



SCENE: Teatersjefane Terje Lyngstad ved Sogn og Fjordane Teater, Trond Birkedal i Hordaland Teater og Erik Ulfsby ved Det Norske Teatret ønskjer seg eit teater med ein nynorsk profil. (Foto: Bjarte Brask Eriksen)

på at urban ungdom diggar Hank von Helvete på nynorsk.

Terje Lyngstad kunne annonsera at den fyrste produksjonen allereie er under planlegging: *Dyrehagen Hardanger* av Jon Fosse skal oppførast januar 2012. Kva scene det blir på, står att å sjå.

Nynorsk kultursentrum sende helsing og gratulasjonar til trekant-samarbeidet og lova si fulle støtte som ein annan god nynorsk aktør utanfor hovudstaden.

YouTube på norsk

No kjem YouTube i norsk utgåve. Det er ikkje bestemt kva tid det skjer, men Google sin salssjef for YouTube i Noreg, Ingrid Dynna, er sett på saka. Til idg.no seier Dynna at den norske utgåva vil skilje seg frå den noverande utgåva på fleire område ut over det reint språklege, og at ho får norsk adresse.

YouTube er ein kanal for deling av video, og han har eksistert i seks år. I dag blir YouTube brukt av fleire hundre millionar brukarar på verdsbasis, og tenesta har omlag 2,1 millionar norske brukarar i månaden.

**LNK
KORTET
2011-2013**

Best Western
HOTELL HORDANEHEIMEN

**Bonde
vennen**

BEST WESTERN
HOTELL BONDEHEIMEN

det norske teatret

Sjå meir på LNK.no
om tilboda kortet gir

omtanke
solidaritet
samhold

Bli med i Fagforbundet!



Fagforbundet er det største forbundet i LO og har nå rundt 315 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. I tillegg organiserar vi tilsette i sjukehusa. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi har for rettferdig løn og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet jobber i mot konkurranseutsetting og privatisering av offentlege tenester. Vi ynskjer ein sterk offentlig sektor som kan gi innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

Velkommen som medlem.
Send **Fagforbundet medlem**
til **1980**



 **FAGFORBUNDET**

Kjærleik, dugnad og musikk

Dette er typiske festival- ingrediensar rundt om i LNK-regionen i sommar.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Kjærleiksdikt i hopetal, utstilling av gamle brurebilete og ein blogg kor publikum sjølve kan bidra med kjærleikshistorier. Dei nynorske festspela har vald seg «Kjærleik» som tema i år, og det skal synast godt att for folk som tek seg til Ørsta og Volda dei fire dagane festspela varar.

VAKRASTE ORDET

– Kjærleik er eitt av dei eldste og største temaa i litteratur og musikk, og vart ein gong kåra til det vakraste norske ordet av VG-lesarane. Alt dette gir eit godt grunnlag for eit mangfaldig festspelprogram, seier programansvarleg Åshild Widerøe ved Aasen-tunet.

Festspela kan by på ikkje mindre enn 15 skjønnlitterære forfattarar, deriblant Lars Mæhle, Olaug Nilssen, Ragnar Hovland og ikkje minst festspeldiktar Bjørn Sortland. Også på musikkida skal publikum få sitt. Felespelar Sigrid Moldestad, folkemusikar Gunhild Sundli og søsken-trioen Kari, Lars og Ola Bremnes skal stå for noko av det musikalske programmet.

NYNORSKPRIS

Prisutdeling blir det også. NRK Nynorsk mediesenter deler ut Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar, og Nynorsk kultursentrum deler ut prisen Årets nynorskbrukar 2011 til bloggaren Linda Sæbo.

Dette er 20. gong Dei nynorske festspela blir arrangerte, og dette skjer mellom 23. og 26. juni.

PAUSE FOR PYNTING

Vinjerock ville normalt trødd til med ein festival i juli, men i år skal festivalen ta seg ein pause for å ruste opp festivalområdet sitt, fortel produsent Boye Skøre.

– Vi har fått midlar til opprusting som må brukast i år, seier Skøre.

– Og vi ligg slik plassert, 1000 meter over havet, at vi ikkje både kan drive dugnad og arrangere festival på éin sommar. Terrenget vil ikkje gro skikkeleg til før festivalen.

No håper Skøre og festivalleiinga at folk skal vere like viljuge til å jobbe dugnad som dei har bruka å vere under festivalen.

– Eg vil seie at 99,9 prosent av arbeidet med ein festival blir gjort på dugnad. Vanlegvis får ein festivalbillettar som godtgjersle for innsatsen, men i år må vi altså



MANIFEST: Målrock skal ha gratis konsert for skulane med Yoga Fire i samband med signering av regjeringa sitt mobbemanifest. (Foto: Yoga Fire)

tenkje annleis. Planen no blir å arrangere ein eigen dugnadsfestival, Krafsefestivalen, som blir ei blanding av arbeid, sosialt og moro, lokkar han.

EIGE FOND

Vinjerock, som har tatt namnet sitt etter dikteren Aasmund Olavsson Vinje, vart arrangert første gong i 2006 og finn stad på Eidsbugarden i Jotunheimen i Valdres. Festivalen har eit overskotsfond, Vinjerockfondet, som støttar friluftsprosjekt for rørslehemma ungdom og unge vaksne.

JIMI HENDRIX

Seint på sommaren er det klart for nok ein festival med eit visst nynorskpreg. Målrock blir arrangert på Årdalstangen for 9. året, og i år kan dei lokke med ei heilt spesiell tilskipping som involverer Oslo Ess med akustisk gitar, Karl Seglem og Sigrid Moldestad og Håkon Høgem, som skal spele Jimi Hendrix på vrent hardingfele.

– Det har eg tru på, seier festivalsjef Bjørnar Svortevik til LNK-avisa. Dette er eit familievenleg arrangement som Målrock byrja med i fjor, og som ligg på toppen av eit elles spekka program.

– Det er nokre år sidan vi gjekk vekk frå den reint nynorske profilen på festivalen,

sjølv om vi framleis profilerer oss på nynorsk, seier Svortevik. – Det var rett og slett fordi vi nesten hadde brukt opp dei banda som var å finne i løpet av dei par-tre første åra. No seier vi at vi vil ha nynorsk, norsk, skandinavisk og eitt band som syng på engelsk. Vi må tenkje slik skal vi greie å skaffe nok artistar som trekkjer mykje folk.

MEST NORSK

Dette året er det Waterboys med Mike Scott som er det engelske bidraget, men festivalen kan også lokke med gode namn som Yoga Fire, Honningbarna, D.D.E., Carpe Diem og trioene Henning Kvitnes, Hilde Heltberg og Jonas Fjeld. Lokale band som Beinskjør, Strupetak og Tyl blir òg å høyre.

Det er plass til 2 500 publikummarar på Målrock, og publikum har det vore nok av i dei åra festivalen har halde det gåande, trass i konkurranse frå det stadig aukande omfanget av festivalar.

– Det vi merkar best med at det blir fleire og fleire festivalar, er først og fremst prisen på artistane, seier Svortevik. – Dei vi hadde på Målrock for to år sidan, hadde vi ikkje hatt råd til no, for å seie det slik. Sjølv om alt arbeidet med festivalen blir gjort på dugnad, har festivalen store utgifter knytt til artistane.



TRAVELT: Sommaren kan vere ei hektisk tid for musistarar. Sigrid Moldestad skal mellom anna til Dei nynorske festspela og Målrock. (Foto: Magnus Skrede)

Målrock finn stad 19. og 20. august.

Har du tips om festivalar og sommarfestar i LNK-kommunane? Send oss ein e-post: bladstova@lnk.no.

ABC
Startsida

Vel www.startsida.no som di nye startside. Meir info her:
www.startsida.no/egen

aktuelt: Jens Kihl



Bur: Sagene i Oslo
Språk: nynorsk, trøndersk på fest
Alder: 25
Aktuell: prosjektleiar for Språkåret 2013

Jens Kihl har leia målungdommen og vore sentral i Noregs Mållag. No skal han vere sjef for Språkåret 2013.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Fortel litt om bakgrunnen din.

Eg har vakse opp på Ullevål i Oslo, og fann vegen inn i målrørsla då eg gjekk på Oslo katedralskole på vidaregåande. Sidan har eg vore nestleiar og leiar i Norsk Målungdom, nestleiar i Noregs Mållag og hatt ei rekkje andre verv i målrørsla og politikken elles. I tillegg har eg dei siste åra arbeidd som prosjektleiar for det kommunalpolitiske nettverket i Nei til EU og held på med mastergraden i sosiologi ved Universitetet i Oslo.

Brenn for språket

Kva blir jobben din som prosjektleiar for Språkåret 2013?

Det er ingen som har laga eit språkår før, så eg trur ganske mykje av tida vil gå med til å finne ut kva dette skal bli for noko. Men det vi veit, er at 2013 lurer like rundt hjørnet, slik at planlegginga må kome i gang temmeleg snøgt. Vi skal prate med mange ulike miljø og menneske, både gjennom møte og gjennom nett. Noko av det viktigaste vil vere å kome i kontakt med mange ulike miljø, slik at mange får lyst til å bidra til Språkåret. Som vi alltid sa i Norsk Målungdom: Hugnad for dugnad.

Kva er det som lokka med denne jobben?

Alt, egentleg! Men særleg vil eg trekkje fram eitt viktig poeng: Dette er ikkje meint å bli eit tradisjonelt forfattarjubileum for Ivar Aasen, men i staden eit år for å lyfte fram verdien av språk i brei forstand. I ei tid der mange slit med å sjå verdien av språk, trur eg Språkåret kan vere ein viktig bidragsytar i riktig retning. Dette brenn eg for!

Kva forventningar har du sjølv til Språkåret?

Eg tenker på Språkåret som det monstret som budde under senga då eg var liten: stort, ukjend, kanskje litt farleg. Og med ei tiltrekkingskraft som gjer at du berre må sjå nærare på det.

Og kva kan du love publikum?

Førebels: Ingenting. Men ambisjonen min er at Språkåret skal prioritere deltakarar framfor tilskodarar.

Korleis vil de involvere folk på grasrotnivået slik at kvar einiskild får eigarskap til Språkåret?

Språk er så vidt eg veit den einaste kulturforma alle menneske har sams. Då ville det vore passe ironisk om Språkåret blei eit elite-fenomen. Vi vil sjølvsagt involvere alle, men særleg er det ei gruppe eg er oppteken av: dei som ikkje trudde dei ville interessere seg for Språkåret. Målfolk, forfattarar og kulturbyråkratar vil uansett kaste seg med. Men kven er det i samfunnet vårt som verkeleg har bruk for Språkåret? Det gler eg meg til å finne ut!

Kven skal du ha med deg i arbeidet ditt?

Eg blir tilsett i Nynorsk kultursentrum, og blir ein del av den dyktige staben der. Det vil bli oppretta ei eiga styringsgruppe for Språkåret, som kjem til å vere breitt samansett. Og ikkje minst kjenner eg allereie trykket frå ulike miljø som har idear og planar for Språkåret – så eg blir langt frå åleine i arbeidet.



Mari Ulset (f. 1980) er frå Straumsnes på Nordmøre. Bur i Bergen, kor ho jobbar som gartner. *Biltur* er roman-debuten hennar.

Foto: Alexander Gaiologlou

debutanten

Det så ut som om fuglene stod helt stille i luften, lå på vinden: De hvite, spente vingene, før en av dem flakset et par ganger og fikk Alma ut av tankene. Vingeslag.

Oktober 2011

Kva spor bør ei slik markering setje att etter seg?

Dei største spora er allereie sett, ved at Språkåret i seg sjølv er eit resultat av livsverket til 197-åringen Ivar Aasen. På ein eller annan måte bør spora frå Språkåret fylgje i same lei; for eit opnare, meir mangfaldig og meir demokratisk samfunn. Vi skal gje nynorskbrukarar større språkleg sjølvkjensle og skape aksept for og i det fleirspråklege Noreg.

Kva forhold har du sjølv til språk som reiskap for kommunikasjon?

Tja; mest av alt er eg oppteken av at språk er utruleg mykje meir enn ein reiskap for kommunikasjon. Men eg ser for meg at det hadde blitt veldig masete om vi ikkje hadde språket å kommunisere med.

Kva gjer du når du ikkje jobbar?

Eg er aktiv i SV og sit i den norske UNESCO-kommisjonen. Eg er veldig glad i å reise: Om to veker skal eg på ferie til Helsingfors – tenk å vere ein stad der folk flest pratar finsk!

ABC
Startsida[®]
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege
start på
internett

www.startsida.no

SONG... BØKER... TEATER...
SPRÅK... TEKNOLOGI...
LEIK...
NYNÖRSK...

Er din barnehage oppteken av å formidle den lokale og den nynorske kulturen? Eit Pirion-kurs kan vere ei god inspirasjonskjelde og setje fart i kulturarbeidet i barnehagen. Eit Pirion-kurs kan vere halvdags eller heildags, for barnehagen åleine eller saman med andre på ein planleggingsdag. Kontakt oss for meir informasjon i dag!
pirion@norsk-plan.no 52 79 04 82 www.pirion.no

Pirion
- kulturavis for barnehagar og skular

Pirion-kurs!

